

UiO : **Det juridiske fakultet**

Digital rettstryggleik

Ein komparativ analyse av tradisjonelle og digitale rettsmøte i sivile saker for norske domstolar, aktualisert av utbrotet av covid-19.

Kandidatnummer: 660

Leveringsfrist: 25.11.2020 kl. 12:00

Tal på ord: 17 932



Innholdsliste

1	INNLEIING	1
1.1	Tema og problemstilling	1
1.2	Bakgrunn for val av tema.....	2
1.3	Metode og rettskjelder	3
1.3.1	Juridisk metode og rettskjelder.....	3
1.3.2	Kvalitative semi-strukturerte intervju og observasjon av rettsmøte.....	6
1.3.3	Likevektskomparasjon.....	8
2	TRADISJONELLE RETTSMØTE	8
2.1	Tradisjonelle rettstryggleiksgarantiar	8
2.1.1	Rettsleg utgangspunkt.....	8
2.1.2	Materielt riktig resultat, kontradiksjon	9
2.1.3	Munnlegheit og direkte bevisføring	10
2.1.4	Tillitvekkande behandling, proporsjonalitet, likebehandling	12
2.2	Er den fysiske rettssalen ein rettstryggleiksgaranti?	14
3	DIGITALE ELEMENT I TRADISJONELLE RETTSMØTE	18
3.1	Digital samhandling og dokumenthandtering	18
3.2	Fjernmøte og fjernavhøyr.....	19
4	DIGITALE RETTSMØTE	22
4.1	Rettsleg regulering av digitale rettsmøte	23
4.1.1	Vilkåra «nødvendig og ubetenkelig».....	23
4.1.2	Samanlikning av dei to lovene.....	25
4.2	Offentlegheit i digitale rettsmøte	29
4.2.1	Rettsleg og praktisk utgangspunkt.....	29
4.2.2	Kontroll over kven som følgjer rettsmøtet	30
4.2.3	Personvern	32
4.3	Tap av rettssalen som fysisk ramme for møtet	34
4.4	Bevis i digitalt format	38
4.5	Digital kommunikasjon.....	40
4.6	Påverkar digitale rettsmøte tilliten til domstolane?.....	44
5	AVSLUTNING	47
	KJELDELISTE	50

1 Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Tema for oppgåva er bruken av digitale rettsmøte i sivile saker for domstolane etter utbrotet av covid-19 i Noreg i mars 2020. Oppgåva samanliknar slike rettsmøte med tradisjonelle rettsmøte, der aktørane er fysisk samla i ein rettssal.

Utbrotet av covid-19 førte til at domstolane ikkje lenger kunne gjennomføre rettsmøte på ordinær måte, ved at aktørane møttest i rettssalen. Dette utløyste behov for reglar som opna for å gjera unntak frå dei ordinære prosessreglane, i hovudsak for å legge til rette for heildigital gjennomføring av hovud- og ankeforhandlingar.¹ I slutten av mars vart det difor gitt ei midlertidig lov om forskriftsheimel for å avhjelpe konsekvensar av utbrotet av covid-19 (koralova), og i medhald av den ei midlertidig forskrift om forenklingar og tiltak innanfor justissektoren, seinare vidareført i ei midlertidig lov.² Desse regelendingane kom til og vart sett i verk svært raskt, og endra fundamentalt måten hovud- og ankeforhandlingar vert gjennomført på. Dette reiser behov for ei vurdering av regelverket og ei evaluering av utslaga det har fått i praksis, med tanke på framtidig regulering og bruk av digitale rettsmøte. Problemstillinga eg skal drøfte er difor: I kva grad blir rettstryggleiken vareteke i digitale rettsmøte?

Eg vil undersøke denne problemstillinga med utgangspunkt i somme sentrale, sivilprosessuelle grunnprinsipp; i hovudsak kontradiksjonsprinsippet, offentlegheitsprinsippet og prinsippa om munnleg og direkte bevisføring. Desse prinsippa er rekna for å vera rettstryggleiksgarantiar.³ Ved å vera førande både for utforming, tolking og bruk av lovverket skal dei sikre at prosessen samla sett blir rettferdig og forsvarleg; at rettstryggleiken er vareteke.

Retten til ein rettferdig rettargang etter Grunnlova § 95 og Den Europeiske Menneskerettskonvensjonen art. 6 er overordna normer i forhold til dei sivilprosessuelle prinsippa som er utgangspunktet for analysen her.⁴ Retten til ein rettferdig rettargang vil difor spele inn som

¹ Prop. 94 L (2019-2020) s. 5.

² Midlertidig lov 27. mars 2020 nr. 17 om forskriftshjemmel for å avhjelpe konsekvensar av utbrudd av covid-19 mv. (koralova); Midlertidig forskrift 27. mars 2020 nr. 459 om forenklingar og tiltak innanfor justissektoren for å avhjelpe konsekvensar av utbrudd av covid-19 mv. [midlertidig forskrift]; Midlertidig lov 26. mai 2020 nr. 17 om tilpasningar i prosessregelverket som følge av utbruddet av covid-19 [midlertidig lov].

³ Skoghøy (2014) s. 517-518; Hov (2017) s. 46-47. Sjå også Hov (2010) s. 63 flg. for forholdet mellom Grunnlova/EMK og sivilprosessuelle grunnprinsipp.

⁴ Skoghøy (2014) s. 518.

tolkingsmoment for dei underordna prinsippa, men vil ikkje bli behandla sjølvstendig eller utgjera noko tyngdepunkt i avhandlinga.

Med «digitale rettsmøte» meiner eg rettsmøte der alle aktørane deltek via videooverføring, og heile forhandlinga skjer i eit digitalt møterom. Eg vil også komme inn på såkalla «hybridmøte», som er rettsmøte der somme av aktørane deltek via videooverføring medan somme er fysisk til stades i rettssalen. Tvistelova og det midlertidige korona-regelverket brukar omgrepet «fjernmøte» om rettsmøte der ein eller fleire av deltakarane deltek i møtet via telefon- eller videooverføring. I denne avhandlinga blir «digitale rettsmøte» brukt om den typen fjernmøte som har blitt halde etter covid-19-utbrotet, medan «fjernmøte» blir brukt om saker halde før pandemien, etter reglane i tvistelova. Eg kjem tilbake til innhaldet i og forskjellen mellom desse omgrepa i kapittel 4.1.

Eg tek i hovudsak føre meg hovudforhandlingar og ankeforhandlingar, og ikkje andre typar rettsmøte. Hovud- og ankeforhandlingar blir handsama felles under omgrepet «tradisjonelle/digitale rettsmøte», og det blir ikkje skild mellom dei to instansane i analysen då gjennomføringa av forhandlingane i hovudsak er lik.⁵ Mange av observasjonane og refleksjonane som blir presentert vil likevel vera relevante også for andre typar rettsmøte enn hovud- og ankeforhandlingar, og for straffesaker. Analysen tek utgangspunkt i verknaden digitale rettsmøte har for rettstryggleiken til partane, men det empiriske grunnlaget er basert på eit dommar- og advokatperspektiv, og også omsyn til desse, samt vitne, pårørande og samfunnet i heilskap vil bli behandla.

1.2 Bakgrunn for val av tema

Utbrotet av covid-19 har på få månadar ført til ei fundamental endring i måten domstolane arbeider og gjennomfører rettssaker på. I Juridika Innsikt vart det av Marianne Reinertsen treffande formulert: «[d]et var en tid da hovedregelen var møter ansikt-til-ansikt, og en IT-revolusjon var å ta i bruk Office365. Det var i februar.»⁶ I perioden 12. mars til 8. juni 2020 har om lag 37 000 personar delteke i digitale rettsmøte, og dei fleste domstolane i Noreg har halde heile rettssaker og meklingsprosessar i videomøte.⁷ I Oslo Tingrett har det sidan 16.

⁵ Tvistelova § 29-18 jf. §§ 9-13 til 9-15. Intervju med dommarar i tingretten og lagmannsretten.

⁶ Reinertsen (2020b).

⁷ Krokkan (2020) s. 20-21.

mars blitt avvikla om lag 15 000 heildigitale rettsmøte. I overkant av 150 av desse var hovudforhandlingar eller rettsmeklingar i sivile saker, somme med varigheit over fleire veker.⁸ I tillegg til dette har det over heile landet blitt avvikla eit stort tal rettsmøte der somme av aktørane har delteke via videooverføring, for å vareta smittevern.⁹ I si andre delutgreiing om effektivisering og forbetring av domstolane skriv Domstolkommisjonen at «[d]omstolene bør bygge vidare på disse erfaringene og kartlegge i hvilke situasjoner fjernmøter fungerer godt, og i hvilke typer saker slike løsninger svekker opplevelsen av en forsvarlig og rettssikker prosess.»¹⁰

Den britiske rettsinformatikaren Richard Susskind skildrar pandemien som «a massive unscheduled pilot» - eit massivt, ikkje-planlagt pilotprosjekt med digitale rettsmøte.¹¹ Denne «piloten» må vi evaluere og analysere resultata av, slik at vi kan nytte oss av dei unike erfaringane og lærdommen dei siste månadane har gitt oss når vi bestemmer korleis domstolane skal fungere og utviklast vidare i framtida. Ei så fundamental endring i gjennomføringa av rettsprosessen risikerer å setje rettstryggleiken på prøve, og det er viktig å undersøke slike konsekvensar før vi legg opp vegen vidare for digitale rettsmøte i norske domstolar.¹² Som direktør i Norges Institusjon for Menneskerettigheter, Adele Matheson Mestad, skriv: «[t]eknologien vil slå inn som en bølge. For å surfe godt på den, står vi støest hvis vi er godt forberedt».¹³

Denne avhandlinga er eit bidrag til evalueringa av bruken av fjernmøte i domstolane under covid-19-pandemien, og ei kartlegging av somme erfaringar vi bør ta med oss vidare.

1.3 Metode og rettskjelder

1.3.1 Juridisk metode og rettskjelder

For å svare på problemstillinga har eg hovudsakleg brukt ein rettsdogmatisk framgangsmåte. Målet med denne metoden er å fastlegge, analysere og vurdere gjeldande rett. Dette er belyst

⁸ Tal fått direkte av Oslo Tingrett.

⁹ Domstoladministrasjonen (2020b).

¹⁰ NOU 2020: 11 s. 251-252.

¹¹ Cross (2020).

¹² NOU 2020:11 s. 263.

¹³ Reinertsen (2020a).

med perspektiv frå rettssosiologi og psykologi, samt empiri frå eigne intervju, brukt for å seie noko om korleis praktisering av regelverket påverkar grunnprinsippa, og i kva grad det er eigna til å oppfylle dei. Eg kjem tilbake til dette lenger nede.

Dei sentrale rettskjeldene for avhandlinga er tvistelova, tvistelovforskrifta og midlertidig lov 26. mai 2020 nr. 17 om tilpasningar i prosessregelverket som følge av utbruddet av covid-19 mv. [midlertidig lov], samt førearbeida til desse lovene.¹⁴ Domstollova er også relevant.¹⁵

Rapporten «Den tredje statsmakt – Domstolene i endring» som Domstolkommisjonen gav 30. september i år har også vore ei sentral kjelde.¹⁶ Særleg har eg brukt rapporten som kjelde til informasjon om den digitale statusen og utviklinga i domstolane fram til no, og for moglegheitene for den vidare utviklinga på dette feltet.

Ei metodisk utfordring har vore at regelverket som følge av covid-19 er heilt nytt, og har blitt danna og endra svært raskt. Dette gjer at rettskjeldebiletet både er snevert og lite oversiktleg. Dette kan illustrerast med reguleringane av digitale rettsmøte frå mars 2020 til i dag. Slike rettsmøte vart først regulert av ei midlertidig forskrift gitt i medhald av koronalova, som var i kraft frå 27.03.2020, fram til koronalova med forskrifter vart oppheva 27.05.2020.¹⁷ Reglane i forskrifta vart vidareført i den midlertidige lova, som trådte i kraft 27.05.2020. Denne vart oppheva 31.10.2020.¹⁸ Før dette hadde det kome forslag om å forlengje den midlertidige lova til 1. juni 2021, som vart vedteke i statsråd 05.10.2020. Grunna ein lovteknisk feil som ikkje vart oppdaga før etter forslaget var behandla på stortinget første gongen måtte det behandlast ein tredje gong, og lova rakk ikkje å bli forlengja før den vart oppheva.¹⁹ Lenginga vart vedteke for tredje gong 3. november, og lova vart igjen sett i kraft, med verknad tilbake frå 31. oktober. Dette har medført fleire metodiske utfordringar.

¹⁴ Lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister (tvistelova); forskrift 21. desember 2007 nr. 1605 til tvisteloven (tvistelovforskrifta).

¹⁵ Lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstollova).

¹⁶ NOU 2020: 11.

¹⁷ Midlertidig forskrift § 14 jf. koronalova § 4 (2) jf. § 7.

¹⁸ Midlertidig lov § 15 (2).

¹⁹ Lov 6. november 2020 nr. 125 om forlengelse av midlertidig lov om tilpasningar i prosessregelverket som følge av utbruddet av covid-19 [forlengelseslova]; Jahre (2020).

For det første er omfanget av og grundigheita i førearbeida nokså avgrensa, då dei har blitt laga under stort tidspress. Det er difor mange problemstillingar som blir behandla i denne avhandlinga som ikkje er problematisert eller vurdert i førearbeida i det heile. Dette har gjort det nødvendig å nytte ein del andre typar kjelder, noko eg kjem tilbake til.

For det andre medfører dei mange og hyppige endringane i regelverket at mange av dokumenta er førearbeid i relasjon til lovendringa dei føreslår, men etterarbeid i relasjon til tidlegare gitte reglar. Dette er til dømes situasjonen for førearbeida til endringslova som foreslår å forlenge den midlertidige lova.²⁰ Den rettskjeldemessige relevansen og statusen til etterarbeid er omdiskutert i juridisk teori, og meir tvilsam enn for førearbeid.²¹ Kva vekt eit slikt dokument skal få blir då dels opp til kva for ein innfallsvinkel ein har, noko som har gjort arbeidet med desse kjeldene vanskeleg. I den vidare teksten har eg vektlagt utsegna i desse kjeldene etter ei konkret vurdering, og elles ut i frå deira argumentasjons- og informasjonsverdi.

For det tredje er det svært lite rettspraksis som behandlar reglane, og ingenting av særleg relevans for denne avhandlinga. Av dei avgjerdene som er tilgjengelege gjennom Lovdata er det heller ikkje noko relevant underrettspraksis. Det er heller ikkje mange avgjerder knytt til tvistelova si regulering av fjernmøte. Førearbeida til dei to regelsetta vil difor utgjera ein stor del av grunnlaget for lovtolkinga.

Det midlertidige regelverket er ikkje behandla i tradisjonell juridisk teori, ettersom det kom så raskt og uventa. Dette har gjort at eg har måtta nytte ein del andre typar kjelder, i hovudsak tidsskriftartiklar samt nasjonal- og internasjonal forskning som er kome til og publisert i løpet av dei siste månadane. Podcastar, kronikkar og nyhendeoppslag som formidlar erfaringar og meiningar rundt digitale rettsmøte under pandemien har også vore sentrale kjelder til informasjon og inspirasjon. Sistnemnde kjeldetype gir i hovudsak uttrykk for subjektive opplevingar og meiningar, og dei er nytta og vektlagt innanfor dei grensene dette medfører.

Då digitale rettsmøte av den typen vi har hatt etter utbrotet av covid-19 er heilt nytt i norsk rettsprosess finst det svært lite tilgjengeleg informasjon og empiri om dette. For å kunne samanlikne digitale rettsmøte med tradisjonelle var det nødvendig å ha slik informasjon, då re-

²⁰ Prop. 7 L (2020-2021).

²¹ Boe (2020) s. 132-133.

regelverket i liten grad utdjupear korleis digitale fjernmøte meir detaljert skal gjennomførast. Eg har difor gjennomført egne intervju med dommarar og advokatar som har erfart slike rettsmøte etter utbrotet av covid-19. Dette har vore ei viktig kjelde til informasjon og inspirasjon til problemstillingar. Eg kjem tilbake til intervjumetoden i neste delkapittel.

For å belyse dei empiriske funna og kunne seie noko om i kva grad regelverket er eigna til å oppfylle grunnprinsippa har eg også trekt inn perspektiv og argument frå retts sosiologien og psykologien. Desse perspektiva har vore viktige for samanlikninga av tradisjonelle og digitale rettsmøte, for å kunne vurdere kva tradisjonelle rettstryggleiksgarantiar som faktisk har ein verdi utover tradisjonen og bør vidareførast i digitale rettsmøte. Dette er også brukt for å kunne seie noko om kva typar saker som eignar seg for behandling i digitalt rettsmøte.

Eg vil behandle reglane om digitale rettsmøte etter den midlertidige forskrifta og etter den midlertidige lova under eitt, då det ikkje er nokon materielle forskjellar av betydning mellom dei.²² Det blir difor teke utgangspunkt i den midlertidige lova ved framstilling av regelverket for digitale rettsmøte etter utbrotet av covid-19, sjølv om desse fram til slutten av mai var regulerte av forskrifta.

1.3.2 Kvalitative semi-strukturerte intervju og observasjon av rettsmøte

Eg har gjennomført ni kvalitative, semi-strukturerte intervju med advokatar, advokatfullmektigar, dommarar og dommarfullmektigar som har delteke i digitale rettsmøte i perioden etter utbrotet av Covid-19 i Noreg.

Kvalitativ metode vert i samfunnsvitskapen brukt for å samle inn data om forhold som ikkje let seg talfeste, typisk informasjon om korleis personar oppfattar eller opplever eit gitt samfunnsforhold. Metoden eignar seg godt i kombinasjon med andre informasjonskjelder, og inneber normalt at det vert innhenta nokså omfattande djupneperspektiv frå eit fåtal av informantar. I denne avhandlinga er metoden nytta for å samle informasjon om korleis digitale rettsmøte har føregått i praksis, og korleis dei profesjonelle aktørane har erfart og opplevd dei.

²² Innst.275 L (2019-2020) s. 1.

Intervjua er gjennomført etter ein semi-strukturert modell, som inneber at informantane får forklare seg nokså fritt innanfor det gitte temaet, utan at det vert følgd ei liste med spørsmål. Informantane vart stilt nokså opne spørsmål, og gitt moglegheit til å fortelje fritt eller diskutere det dei sjølv syntest var viktig. Vedlagt er intervjuguiden, som gir ei oversikt over tema og spørsmål som var rettleiande for samtalanane.²³

Informantane er vald på bakgrunn av at dei har erfaringar med fjernmøte i domstolane etter utbrotet av Covid-19. Dei er rekrutterte etter den såkalla snøballmetoden, som inneber at nye informantar vert rekrutterte ut i frå nettverket til startpersonen.²⁴ Eg intervjua fire advokatar/advokatfullmektigar frå eit advokatfirma i Oslo, fire dommarar/dommarfullmektigar frå Oslo Tingrett og ein dommar frå Borgarting Lagmannsrett. Advokatane hadde erfaringar med fjernmøte innan ulike rettsområde, m.a. familiesaker, selskapsrett og obligasjonsrett. Dei fleste dommarane hadde erfaring med digitale rettsmøte innanfor dei fleste sakstypar. Eg intervjua også ein dommar med ei leiarrolle i Oslo Tingrett, som hadde mykje generell informasjon om gjennomføringa av digitale rettsmøte, og særleg korleis dette vart løyst i Oslo Tingrett. Informantane hadde erfaring med digitale saker som vara alt frå ein dag til fleire veker. Utvalet er ikkje meint å skulle vera representativt eller gje grunnlag for generelle konklusjonar.²⁵ Alle intervjua er gjort munnleg og med varigheit på om lag éin time.

Grunna personvern er ikkje informantane namngjevne, og dei vil bli referert til i fellesskap som «informantane», eller som «dommarar» eller «advokatar». I forkant av intervjua var eg bevisst at informert samtykke er et inngangsvilkår for å innhente og behandle data om personar.²⁶ Informantane har samtykka til at informasjonen frå intervjua blir handsama på denne måten.

I tillegg til intervjua har eg også observert éi fysisk og éi digital hovudforhandling i Oslo Tingrett som publikum.

²³ Tjora (2012) s. 114; vedlegg 1.

²⁴ Tjora (2012) s. 230.

²⁵ Thagaard (1998) s. 184.

²⁶ NESH (2016) s. 14.

1.3.3 Likevektskomparasjon

Ein komparativ metode vert brukt for å finne fram til kva som er forskjellane mellom tradisjonelle og digitale rettsmøte. Det blir i utgangspunktet lagt like stor vekt på dei to måtane å gjennomføre rettsmøte på, ein såkalla likevektskomparasjon, likevel slik at samanlikninga skjer fortløpande i utgreiinga om digitale rettsmøte.

2 Tradisjonelle rettsmøte

2.1 Tradisjonelle rettstryggleiksgarantiar

For å undersøke i kva grad digitale rettsmøte varetek rettstryggleiken er det først nødvendig å klargjera kva som tradisjonelt er blitt oppfatta som rettstryggleiksgarantiar, og korleis dette har fått utslag i dei konkrete reglane for prosessen.

2.1.1 Rettsleg utgangspunkt

Gjennomføringa av tradisjonelle rettsmøte er for hovudforhandlingar i tingretten regulert i tvistelova sitt niande kapittel, tredje del; i hovudsak §§ 9-13 til 9-15. For ankeforhandling i lagmannsretten går reglane fram av tvistelova kapittel 29. Munnleg ankeforhandling er regulert i tvl. § 29-18, som viser tilbake til reglane som gjeld for hovudforhandling i tingretten; §§ 9-13 til 9-15. Det blir difor teke utgangspunkt i dei relevante delane av tvistelova kapittel 9 for den vidare utgreiinga, som dekker behandlinga i både første og andre instans.

Rettstryggleik tyder tryggleik for den einskilde sin rett, og kan seiast å vera eit overordna mål eller kjernekrav til sivilprosessen.²⁷ Den som har retten på si side skal kunne få hjelp av domstolane til å få den gjennomført, og dette skal gjelda likt for alle borgarane. Dette følgjer også av tvistelova sin føremålsparagraf, som slår fast at «[I]oven skal ivareta den enkeltes behov for å få håndhevet sine rettigheter og løst sine tvister og samfunnets behov for å få respektert og avklart rettsreglene», jf. § 1-1 (1) 2. pkt. Frå dette kan ein utleie to overordna mål med sivilprosessen: å løyse konflikhtar og gjennomføre materiell rett.

Det overordna kravet om rettstryggleik har gitt seg utslag i ei rekkje meir spesifikke prinsipp eller omsyn som skal vera styrande både for utforminga og tolkinga av lovverket, og som gir

²⁷ Tvl. § 1-1; NOU 2020:11 s. 241; Robberstad (2018) s. 2-3; Backer (2015) s. 23-24, 28-29.

uttrykk for dei dels motstridande omsyna ein må balansere for å vareta rettstryggleiken.²⁸ Desse har igjen gitt seg utslag i konkrete rettsreglar i prosesslovene. Desse omsyna, og dels også dei konkrete lovutslaga av dei, kan kallast rettstryggleiksgarantiar, og skal saman sørge for at prosessen i heilskap varetek rettstryggleiken.

Kva for omsyn eller prinsipp som skal reknast som «grunnleggande», samt ordbruken «prinsipp», er omdiskutert i juridisk teori.²⁹ Det er likevel konsensus om at det gjeld ei rekkje slike grunnprinsipp, og om kva «grunntrekk» eller omsyn som tradisjonelt er rekna som dei viktigaste for å sikra rettstryggleiken. I denne delen vil eg gjera greie for desse, og korleis dei blir vareteke i tradisjonelle hovud- og ankeforhandlingar som føregår i den fysiske rettssalen.

Ein del av grunnprinsippa går fram av tvistelova sin føremålsparagraf, som i første ledd slår fast at «[l]oven skal legge til rette for en rettferdig, forsvarlig, rask, effektiv og tillitskapende behandling (...) av rettstvister gjennom offentlig rettergang for uavhengige og upartiske domstoler».³⁰ Dette viser at lova bygger på ei veging av ulike og dels motstridande omsyn, i hovudsak grundigheit mot effektivitet. Vidare skal lova «ivareta den enkeltes behov for å få håndhevet sine rettigheter og løst sine tvister og samfunnets behov for å få respektert og avklart rettsreglene», jf. § 1-1 (1) 2. pkt.. Dette viser at sivilprosessen også har ein konfliktløysingsfunksjon, og ein opplysningsfunksjon for samfunnet om kva som er gjeldande rett. I andre ledd vert det stilt opp ei rekkje meir konkrete krav til prosessen som er meint å skulle bidra til å oppnå dei overordna føremåla. Som den vidare utgreiinga vil vise er mange av grunnprinsippa kome til uttrykk gjennom desse konkrete krava, mellom anna kontradiksjon, munnleg og direkte bevisføring, proporsjonalitet og likebehandling.

2.1.2 Materielt riktig resultat, kontradiksjon

Overordna gjeld eit krav om at saksbehandlinga skal vera rettferdig og forsvarleg.³¹ Dette følgjer av føremålsparagrafen til tvistelova, og rettferdskravet er også nedfelt i Grunnlova § 95 og EMK art. 6 som ei grunnleggande menneskerettigheit. Ein føresetnad for ein rettferdig og forsvarleg prosess er at domstolen avgjer tvistar utifrå riktige, eller sanne, faktiske opplys-

²⁸ Robberstad (2018) s. 3; Skoghøy (2014) s. 524.

²⁹ Sjø t.d. Robberstad (2018) s. 6-7; Hov (2017) s. 47-48; Skoghøy (2014) s. 517-518; Sjø Backer (2015) s. 88-89 eller Hov (2010) s. 46-47 om ordbruken «prinsipp».

³⁰ Tvl. § 1-1 (1) 1. pkt.

³¹ Sjø t.d. Rt-2015-965 (57); NOU 2020:11 s. 241.

ningar om saka og ein korrekt rettsbruk.³² Difor er målet om å oppnå materielt riktig resultat eit grunnprinsipp i sivilprosessen. For at retten skal få best mogleg grunnlag til å gjera dette er det gitt reglar som skal sikre at partane får argumentere og føre bevis for saka si. Særleg har dette fått utslag i reglane om bevis i tvistelova kapittel 21.

For å sikre at retten får saka best mogleg opplyst og kan treffa ei materielt riktig avgjerd er også kontradiksjon; at partane får seia imot kvarandre sin argumentasjon, avgjerande.³³ Kontradiksjonsprinsippet er også viktig for partane sin tillit til at prosessen er rettferdig. Eg kjem tilbake til omsynet til ein tillitvekkande prosess. Kravet til kontradiksjon inneber at retten må treffa avgjerd på bakgrunn av innspel frå begge partar, og etter at begge partar har høyrte og fått moglegheit til å imøtegå den andre parten og eventuelle andre sine argument. Dette prinsippet er nedfelt i føremålsbestemmelsen i tvl. § 1-1 (2) andre strekpunkt, som seier at «partene [skal] få innsyn i og mulighet for å imøtegå motpartens argumentasjon og bevis».

Kontradiksjonsprinsippet har også fått utslag i regelen i tvl. § 11-1, som i første ledd slår fast at «[a]vgjørelser etter hovedforhandling [og] ankeforhandling (...) treffes på grunnlag av behandlingen i rettsmøtet», og vidare av tredje ledd at «[r]etten kan ikke bygge avgjørelsen på et faktisk grunnlag partene ikke har hatt foranledning til å uttale seg om». Dette inneber at det som kjem fram under rettsmøtet skal utgjera heile det faktiske grunnlaget for retten si avgjerd.

2.1.3 Munnlegheit og direkte bevisføring

Tradisjonelt har munnlegheitsprinsippet vore rekna for å vera ein effektiv måte å sikra kontradiksjon på.³⁴ Prinsippet er kome til uttrykk i føremålsparagrafen, som gir partane rett til å «på ett trinn av saken kunne redegjøre muntlig for den og føre sine bevis umiddelbart for retten», jf. § 1-1 (2) tredje strekpunkt. Her kjem også prinsippet om direkte bevisføring til uttrykk.

Munnlegheitsprinsippet er også nedfelt i tvistelova i § 9-14 (1), som slår fast at «[h]ovedforhandlingen er muntlig og bevisføringen umiddelbar etter § 21-9». Dette inneber at alt som skjer i rettsmøtet i hovudsak skal skje munnleg, og det avgrensar moglegheita for å

³² Backer (2015) s. 23-24, 28-29; Robberstad (2018) s. 3.

³³ Rt-2005-1590 (26); Backer (2015) s. 103; Robberstad (2018) s. 8.

³⁴ NOU 2020:11 s. 265.

legga fram skriftleg materiale utan at dette blir lese opp.³⁵ I utgangspunktet skal alt som inn-
går i avgjerslegrunnlaget til retten vera gjennomgått munnleg under rettsmøtet, jf. § 9-9 (1).
Munnlegheitsprinsippet skal også vareta omsynet til offentlegheit i rettspleia.³⁶ Dette kjem eg
tilbake til.

Munnlegheit er ein føresetnad for prinsippet om direkte bevisføring, som går fram av tvistelova § 21-9 jf. § 9-14 (1), som seier at «[i] saker som behandles muntlig, skal bevisene føres direkte for den dømmende rett (...)», med somme unntak. Dette inneber at til dømes vitne i hovudregelen skal forklara seg direkte i retten – det er ikkje tilstrekkeleg at advokaten les opp ei skriftleg erklæring eller spelar av eit videoopptak av forklaringa.³⁷ Direkte bevisføring og munnlegheit skal vareta fleire grunnleggande omsyn. For det første skal det gjera det mogleg for dommaren å avgjera saka basert berre på det partane legg fram under hovudforhandlinga, og for motparten til å utøva kontradiksjon.³⁸ I tillegg har det tradisjonelt vore tenkt at dommaren har «bedre forutsetninger for å tilegne seg partenes argumentasjon og bevisføringen når de er fysisk tilstede der partene er og bevisføringen foregår», som det er skrive i førearbeida til tvistelova.³⁹ «Papir rødmer ikke, har det vært sagt».⁴⁰

Munnleg prosess, direkte bevisføring og kontradiksjon er vidare med på å sikre domstolen si uavhengigheit og upartiskheit, ved at dommaren ikkje skal basere seg på noko utanfor hovudforhandlinga når ho eller han treff avgjerd. Domstolen si uavhengigheit og upartiskheit er både eit sivilprosessuelt grunnprinsipp og eit krav etter dei grunnleggande menneskerettighetene, og det er avgjerande for at prosessen skal vera rettferdig og tillitskapande.⁴¹ Prinsippet er nedfelt både i tvistelova sin føremålsparagraf, Grunnlova § 95, EMK art. 6 nr. 1 og domstollova § 55 (3).

Munnlegheit og direkte bevisføring er også grunngeve i offentlegheitsprinsippet, som inneber at rettsprosessen skal vera offentleg og open for ålmenta, og at det er tilgang til å referere frå

³⁵ TvL. §§ 9-9 (1), 9-14 (1).

³⁶ Robberstad (2018) s. 19.

³⁷ Robberstad (2018) s. 20.

³⁸ TvL. § 11-1 (1); Backer (2015) s. 92.

³⁹ Ot.prp. nr. 51 (2004-2005) s. 230.

⁴⁰ Hov (2010) s. 125.

⁴¹ Backer (2015) s. 90, 94.

behandlinga og offentleggjera avgjerder.⁴² Offentlegheitsprinsippet er grunnlovfesta i Grunnlova § 100 (5), og følgjer også av EMK art. 6 nr. 1 og av føremålsparagrafen til tvistelova.⁴³ Det er også nedfelt i domstollova § 124 (1). Prinsippet har ei todelt grunngeving. For det første har partane ein individuell rett til ein offentleg rettargang etter menneskerettigheitene.⁴⁴ For det andre har også ålmenta ein rett til å følgje forhandlingane i rettsmøte, jf. Grunnlova § 100 (5) 1. pkt. Dette skal sikre openheit og moglegheit for samfunnet til å etterprøve domstolane si verksemd, som er viktig for at prosessen blir rettferdig og forsvarleg.⁴⁵ Ein munnleg og direkte rettsprosess gjer det mogleg for publikum i rettsalen å få med seg alle faktiske og rettslege element i saka. Offentlegheit er også avgjerande for at pressa skal kunne utføre sin funksjon som «vaktbikkje» over staten, og bidreg til auka forståing i samfunnet for det som skjer i rettsvesenet og for kva som er gjeldande rett.⁴⁶ Samfunnet si moglegheit til å kontrollere domstolane er ein viktig rettstryggleiksgaranti for den einskilde, og også avgjerande for tilliten og legitimiteten til rettspleia i samfunnet.⁴⁷

2.1.4 Tillitvekkande behandling, proporsjonalitet, likebehandling

At prosessen må skje på ein måte som vekker tillit både hos partane, publikum og ålmenta generelt er også eit grunnprinsipp i sivilprosessen.⁴⁸ Det går fram av tvistelova § 1-1 (1) 1. pkt., og har, som gjennomgangen over viser, fått utslag i ei rekkje av dei prosessuelle reglane og prinsippa. For at prosessen skal vera tillitvekkande må den som nemnt vera offentleg, og den må vera grundig og basert på kontradiktorisk behandling av ein upartisk og uavhengig domstol.

Ein del av ein forsvarleg og tillitvekkande prosess er likevel at den ikkje tek for lang tid eller krev for store ressursar. Dette kan koma i konflikt med retten til å få saka si avgjort av ein domstol innan rimeleg tid, som er ei grunnleggande menneskerettigheit etter Grunnlova § 95

⁴² Backer (2015) s. 106.

⁴³ Rt-2007-459 (20).

⁴⁴ Grunnlova § 95 (1) 2. pkt., EMK artikkel 6 nr. 1.

⁴⁵ Backer (2015) s. 107; tvl. § 1-1 (1).

⁴⁶ NOU 2010: 14 s. 23; NOU 2020:11 s. 261.

⁴⁷ Skoghøy (2014) s. 544.

⁴⁸ Skoghøy (2014) s. 517.

og EMK art. 6 nr. 1. Retten til tilgang til ein domstol inneber at alle borgarar skal ha ein reell tilgang til ein domstol utan fysiske, økonomiske, politiske eller andre hinder.⁴⁹

For å sikra ein viss effektivitet og rimelege kostnader gjeld det eit proporsjonalitetsprinsipp i sivilprosessen.⁵⁰ Etter proporsjonalitetsprinsippet skal grundigheita og ressursbruken i saka stå i forhold til betydninga den har for partane eller samfunnet. Dette kjem til uttrykk i tvistelova § 1-1 (1) 1. pkt. som slår fast at behandling av rettstvistar skal skje på ein «rettferdig, forsvarlig, rask, effektiv og tillitskapende» måte. Proporsjonalitetsprinsippet kjem også direkte til uttrykk i § 1-1 (2) fjerde strekpunkt, som slår fast at «saksbehandlingen og kostnadene skal stå i et rimelig forhold til sakens betydning». Dette har fått utslag i konkrete reglar om at hovudforhandlinga skal skje konsentrert og kontinuerleg, og utan unødig tidsspille, jf. tvl. § 9-13 (2). Eit anna praktisk viktig utslag av proporsjonalitetsprinsippet er retten si plikt til aktiv saksstyring etter § 9-4. Regelen slår fast at retten har eit ansvar for å «aktivt og planmessig styre saksbehandlingen for å oppnå en rask, prosessøkonomisk og forsvarlig behandling».⁵¹ Det er dommaren som leier rettsmøtet, og har overordna ansvar for og myndigheit til å strukturere det.

Likebehandling av partane er også eit sivilprosessuelt grunnprinsipp.⁵² Det inneber at partane skal vera utrusta med same moglegheiter til å presentere og forsvare saka si (equality of arms), og dei skal behandlast likt. Det skal takast omsyn til ulikskapar i ressursar hos dei slik at styrkeforholdet vert balansert. Partlikkskapsprinsippet går fram av tvl. § 1-1 (2) femte strekpunkt, som slår fast at «ulikheter i ressurser hos partene [skal] ikke være avgjørende for sakens utfall». Prinsippet er nært knytt til kontradiksjonsprinsippet og prinsippet om at dommaringane skal vera uavhengige og upartiske.

Desse grunnprinsippa skal vera førande for heile rettsprosessen og ligg til grunn for dei fleste prosessuelle reglane og normene som rår i rettssalen.⁵³ Dei skal også gje rettleiing til tolking

⁴⁹ Grl. § 95, EMK art. 6 nr. 1; Backer (2015) s. 98.

⁵⁰ HR-2016-1587-U (29).

⁵¹ Tvl. § 9-4 (1).

⁵² Ot.prp.nr.51 (2004-2005) s. 34-35; Skoghøy, s. 529.

⁵³ Backer (2015) s. 23.

av reglane i tvistelova, og brot på somme av dei kan utgjera saksbehandlingsfeil som fører til oppheving.⁵⁴

2.2 Er den fysiske rettssalen ein rettstryggleiksgaranti?

Det kan vurderast om også den formelle og høgtidelege stemninga som rår i rettssalen, tradisjonelt omtala som solenniteten, er ein rettstryggleiksgaranti i seg sjølv, eller avgjerande for å oppfylle ein av dei ovannemnde rettstryggleiksgarantiane.

Når ein diskuterer verdien av rettsmøte i den fysiske rettssalen opp mot digitale alternativ blir ofte solennitetsomsynet trekt fram som eit hovudargument for den tradisjonelle måten å gjennomføra rettsmøte på.⁵⁵ I samband med at det skulle gjerast endringar i domstollova for å tillata eit prøveprosjekt med fjernmøte framheva til dømes Justisdepartementet at «hensynet til å skape en høytidelig ramme og atmosfære omkring rettssaken (solennitetshensynet) blir bedre ivaretatt ved et tradisjonelt rettsmøte der aktørene er fysisk tilstede».⁵⁶ Også i førearbeida til tvistelova peika tvistemålsutvalet på solennitetsomsynet – alvorleg og høgtida i situasjonen for dei som er fysisk til stades – som eit hovudargument mot å halda heile hovud- og ankeforhandlingar, eller behandle realiteten eller bevisa i ein tvist, i videomøte.⁵⁷ Desse utsegnene tyder på at solennitetsomsynet; det å ha ei høgtideleg og alvorleg ramme og atmosfære rundt rettsmøtet, er noko som blir vektlagt av lovgjevar.

Det er likevel ikkje heilt klart kva funksjon solenniteten har i forhold til å sikra rettstryggleik; er solennitet nødvendig for å oppnå ein rettferdig og forsvarleg prosess, eller heng vektlegginga av dette omsynet igjen av rein tradisjon eller nostalgi? Den kanadiske rettsforskaren Nicolas Vermeys skriv at for å kunne gå vidare med den digitale utviklinga må vi sjå på rituala og symbola som ligg i den tradisjonelle rettsprosessen og den fysiske rettssalen, for å finne ut kva for funksjon og føremål dei eigentleg har.⁵⁸ Deretter kan vi vurdere om, og eventuelt korleis, vi skal vareta desse funksjonane og føremåla i dei nye, digitale arbeidsmåtene. Det er difor nødvendig å undersøka kva funksjon og verdi solenniteten og rituala i den fysiske retts-

⁵⁴ Tvl. § 29-21. Dette fell utanfor problemstillinga her og vil ikkje bli behandla meir inngåande.

⁵⁵ NOU 2001: 32 s. 833.

⁵⁶ Ot.prp.nr.27 (2005-2006) s. 10.

⁵⁷ NOU 2001: 32 s. 833.

⁵⁸ Vermeys (2008) s. 15.

salen faktisk har for prosessen og rettstryggleiken, for å kunne vurdere i kva grad rettstryggleiken blir vareteke i digitale rettsmøte etterpå.

Ein funksjon som blir trekt fram i førearbeida til tvistelova er at rettssalen sin atmosfære skal gjera det vanskelegare for vitne og partar å forklare seg usant. I utgreiinga er det lagt til grunn at «[f]or de fleste vil det nok oppleves som tyngre å fare med misvisende eller feilaktige framstillinger av faktum når man må se dommeren og motparten i øynene enn hvis man kan forklare seg på avstand over telefon. Dette har også en side til vurderingen av forklaringens troverdighet.» Tvistemålsutvalet legg altså til grunn at solennitetsomsynet er viktig for sannferdigheita i forklaringane, samt dommarane si moglegheit til å vurdere truverda i dei. Eg kjem tilbake til dette i analysen av digitale rettsmøte i del 4.

Det er også naturleg å knyte solennitetsomsynet opp til grunnprinsippet om at behandlinga av rettstvistar skal vera tillitvekkande. Tradisjonelt er formalitet og høgtid knytt til autoritet og makt, og ein formell, alvorleg og høgtideleg rettsprosess kan truleg opplevast som meir legitim av denne grunnen.

Retts sosiolog Lisbeth Fullu Skyberg har forska på korleis retten si «iscenesetjing», og korleis rettssalen ved hjelp av ei spesiell fysisk utforming, symbolikk og tilhøyrande ritual påverkar rettsprosessen og deltakarane i den.⁵⁹ Gjennom intervju med interiørarkitektane bak Oslo Tingrett og Høgsterett syner ho korleis rettssalen med medvit er bygd opp og innreia for å uttrykke og underbygge grunnprinsippa i prosessretten, og korleis dette påverkar aktørane si oppleving av og handlemåte i rettsmøte.


Alvoret og høgtida i rettsprosessen, samt verdigheita og makta til retten, var ein hovudbodskap for arkitektane å få fram i Oslo Tingrett og Høgsterett.⁶⁰ Eit anna viktig omsyn var å innreie rettssalen på ein måte som bidrog til å strukturere og plassere aktørane i dei rette rollene dei skulle ha i saka; som dommar, part, prosessfullmektig, vitne eller publikum.⁶¹ At arkitektur kan bidra til å «ramme inn» eller strukturere inntrykk og opplevingar på ein slik måte

⁵⁹ Skyberg (1992) forord, s. 38.

⁶⁰ Skyberg (1992) s. 38.

⁶¹ Nedre Romerike Tingrett (2020); Norges Domstoler (2019a); Skyberg (1992) s. 39, 46.

er stadfesta i både eldre og nyare forskning.⁶² Norske rettssalar er difor bygd opp etter ein bestemt og fast struktur som er meint å skulle understreke både partsforhold, rollar og hierarkiet i retten.



(Illustrasjon: Vivian Ramfjord)

Aktørane er plasserte rundt det som kan trekkast opp som ein midt- og ein tverrakse i rommet. Partane er plassert rett mot kvarandre, på kvar si side av midtaksen. Dette skal understreke kven som er «dei stridande partar», men også prinsippa om kontradiksjon og likebehandling.⁶³ Ved at partane disponerer kvar sin like store del av rommet vert det synleg at dei er like for retten, og har lik rett og plikt til å sørge for saka si opplysning. Kontradiksjonsprinsippet blir tydeleg ved at partane er plasserte mot kvarandre – klare til å svare på kvarandre sin argumentasjon. Med denne strukturen blir også menneske og problem ordna saman, slik at det er tydeleg for alle kven som høyrer til kva side av konflikten. Over partane står dommarbordet, rett imot vitneboksen på den andre sida av rommet. Denne plasseringa skal synleggjera dommaren si rolle som objektiv, upartisk og uavhengig – plassert litt på utsida av konflikten, utan meir tilknytning til den eine sida enn den andre.⁶⁴

⁶² Goffman (1974); Space (2015).

⁶³ Skyberg (1992) s. 46-47.

⁶⁴ Skyberg (1992) s. 42-44.

Dommarbordet si plassering utgjer ein tverrakse i rommet, og skapar slik ei skillelinje til dei andre aktørane.⁶⁵ Dette understrekar hierarkiet i retten, og dommaren sin autoritet og maktposisjon. Slik blir midtaksen eit symbol på likskap, medan tverraksen symboliserer ulikskap. Hierarkiet i retten og dommarane sin autoritet blir ytterlegare framheva ved at dommarane kjem inn i og forlèt rettssalen gjennom ei eiga dør, og sit på eit podium som normalt er heva om lag 20-30 cm over golvet og dei andre.⁶⁶ Dette har ein symbolsk verdi ved å uttrykke dommaren si makt og autoritet, men det har også ein praktisk funksjon ved at dommaren har overblikk over rettssalen og er i augnehøgde med dei andre aktørane når dei står, t.d. i vitneboksen.⁶⁷ I tillegg kjem ritualet med at dei andre deltakarane reiser seg når dommaren kjem inn og når ho eller han forlèt rommet, at dommaren har dommarklubba føre seg og riksvåpenet hengande bak seg, og sit på ein stol med høgare stolrygg enn dei andre. Dette er element som er med på å framheve og legitimere dommaren si makt.⁶⁸ Bakarst i salen er publikum plassert, som eit symbol på samfunnet som bakteppe for retten si verksemd.⁶⁹

Også dei svarte kappene som dommaren og prosessfullmektigane ber har ei symbolsk grunngeving. Det at begge sider er kledde likt skal for det første illustrera at alle er like for lova, i tråd med likebehandlings- og rettferdsprinsippet.⁷⁰ Kappene har også ein funksjon ved at dei «hjelper» aktørane inn i rollene sine. Ved å ha på rettskappe og sitje ved dommarbordet i rettssalen, med all symbolikk og ritual som ligg i situasjonen og rommet, får dommaren nokså automatisk den autoriteten og legitimiteten som krevst for å utøva makt over andre.⁷¹ Forsking viser at ein slik ytre transformasjon eller omkledding for å tre inn i ei bestemt rolle faktisk verkar inn på aktøren sin oppførsel og oppleving av eiga rolle, og på korleis andre opplever denne personen.⁷² Dette har vist seg å kunne generere både ei personleg og ei kollektiv forplikting til rolla og det som vert forventa av den. Slik kan dommarkappa føre til at

⁶⁵ Skyberg (1992) s. 46-47.

⁶⁶ Norges Domstoler (2019a); Skyberg (1992) s. 50.

⁶⁷ Skyberg (1992) s. 38-39, 55-56.

⁶⁸ Nedre Romerike Tingrett (2020); Somby (2011); Norges Domstoler (2019a); Skyberg (1992) s. 56.

⁶⁹ Skyberg (1992) s. 39.

⁷⁰ Somby (2011); tvl. § 1-1.

⁷¹ Skyberg (1992) s. 51.

⁷² Gélinas (2015).

dommaren faktisk opptrer meir objektiv og upartisk, fordi det er slike eigenskapar den tradisjonelle dommarrolla innehar.

Same effekt har rettskappa på advokatar. Dette vert kalla «the gown-effect» og skildrar den veldig særreigne talemåten advokatar ofte viser i rettssalen; ein kombinasjon av rikeleg gestikulasjon og kraftig og artikulert tale, som likevel kanskje mest av alt blir sett på som ineffektiv av dommarane, som Gelinàs et al skriv.⁷³

Det kan konkluderast med at den fysiske rettssalen og den høgtidelege og formelle atmosfæren den skapar kan vera med på å underbygge og styrke andre rettstryggleiksgarantiar. Særleg gjeld dette tilliten til rettsprosessen og kontradiksjonsprinsippet. Plasseringa av aktørane i rommet kan også bidra til å strukturere og synleggjere partsforholdet, rollene og hierarkiet i rettssaka, og skape oversikt for aktørane. Også rettskappene og dei andre fysiske særtrekka i rettssalen kan ha ein funksjon ved å setje dommaren og advokatane inn i rollene sine, noko som kan påverke oppførselen deira.

3 Digitale element i tradisjonelle rettsmøte

Sjølv om tvistelova legg opp til fysiske rettsmøte, opna den også før pandemien for ein viss bruk av digitale kommunikasjonsverktøy. Særleg relevant her er bruk av fjernmøte og fjernavhøyr. Før eg går gjennom regelverket for bruk av fjernmøte og -avhøyr i tradisjonelle rettsmøte vil eg gjera kort greie for den digitale statusen i norske domstolar før utbrotet av covid-19, for å setja utviklinga som har skjedd etter dette i perspektiv.

3.1 Digital samhandling og dokumenthandtering

Først kan det peikast på at tvistelova er meint å skulle vera teknologinøytral.⁷⁴ Det vil seia at ordbruket i lova ikkje skal leggja hindringar som ikkje er nødvendige for bruk av ny teknologi på tidlegare analoge prosessar. Dette målet legg også føringar for tolkinga av lovverket – utgangspunktet er at ordlyden ikkje er meint å skulle stenge for bruk av nye teknologiske løy-

⁷³ Gelinàs (2015).

⁷⁴ Innst.O. nr. 110 (2004-2005) s. 47, 53 jf. NOU 2001:32 s. 619.

singar eller verktøy, og lova bør difor også tolkast i tråd med dette.⁷⁵ Det er berre der lova uttrykkeleg presiserer det at digitale løysingar ikkje skal godtakast.

Digitaliseringsarbeidet som har skjedd i norske domstolar fram til utbrotet av covid-19 har i hovudsak handla om digital dokumenthandtering, digitale saksbehandlingsplattformer og digital kommunikasjon med brukarar og andre aktørar i rettsvesenet under saksførebuinga.⁷⁶ Saksbehandlingssystemet LOVISA saman med Aktørportalen gjer det mogleg å handtere og utveksle dokument digitalt, og gjennomføre rettssaker papirlaust.⁷⁷

Ein hovuddel av digitaliseringsarbeidet handlar om å få på plass IKT-løysingar, teknisk utstyr og infrastruktur som mogleggjer sikre og stabile digitale prosessar i alle domstolane i landet.⁷⁸ I mange tilfelle opnar lovverket for bruk av teknologiske arbeidsmåtar, men utstyret manglar. Eit illustrerande døme er regelen i tvistelova om at det skal gjerast opptak av alle hovud- og ankeforhandlingar.⁷⁹ Unntak kan gjerast dersom retten ikkje har det nødvendige utstyret. I praksis har likevel unntaket blitt hovudregelen, då dei færraste rettssalar har opptaksutstyr som gjer det mogleg å oppfylla lova sitt krav.⁸⁰ Det same gjeld i stor grad for fjernmøte og fjernavhøyr – dei færraste domstolar i Noreg (iallfall før covid-19-pandemien) har hatt utstyr til å gjennomføre slike med videokonferanse, sjølv om det er den klårt føretrekte fjernmøteforma.⁸¹

3.2 Fjernmøte og fjernavhøyr

Som nemnt opna tvistelova også før utbrotet av covid-19 for ein viss bruk av fjernmøte; telefon- eller videokonferanse, i rettsmøte. Desse reglane vart likevel gitt med eit ganske anna bakteppe og ein annan intensjon enn reglane etter den midlertidige lova som kom etter covid-19-utbrotet. For å kunne samanlikne tradisjonelle og digitale rettsmøte er det nødvendig å gå gjennom regelverket for bruk av fjernmøte i tradisjonelle møte. Dette vil bli gjort her.

⁷⁵ Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2019) pkt 4.

⁷⁶ NOU 2019:17 s. 55-56.

⁷⁷ Norges Domstoler (2018).

⁷⁸ Norges Domstoler (2019b).

⁷⁹ Tvl. § 13-7 (1) jf. (2).

⁸⁰ Domstoladministrasjonen (2020a); NOU 2019:17 s. 55-56.

⁸¹ Domstoladministrasjonen (2007) s. 1, 17.

Etter tvistelova § 13-1 kan «rettsmøter (...) helt eller delvis holdes som fjernmøter» på visse vilkår. «Fjernmøte» er definert i § 13-1 (2) som «møte der ikke alle deltakerne er tilstede, men deltar ved hjelp av fjernmøteteknikk». Ordlyden «helt eller delvis» viser til at retten kan velje å nytte ein kombinasjon av fjernmøte og tradisjonelt rettsmøte, t.d. ved at somme aktørar deltek via fjernmøte medan andre er i rettssalen, eller delar av forhandlingane vert haldne som fjernmøte.⁸²

Ordlyden «rettsmøter (...) holdes som fjernmøter» må forståast som at fjernmøte er eit rettsmøte, og at dei alminnelege reglane for rettsmøte gjeld også ved fjernmøte. Dette er det støtte for i førearbeida.⁸³ I tråd med målet om eit teknologinøytralt lovverk er det ikkje presisert kva for typar fjernmøteteknikk som kan nyttast, men i praksis er det telefon- eller videokonferanse som er tilgjengeleg.

Vilkåra for å bruke fjernmøte går fram av tredje ledd, og er at bruk av fjernmøte anten er «særskilt bestemt» eller partane samtykker til det.⁸⁴ Det er særskilt bestemt at fjernmøte kan brukast mellom anna for munnleg sluttbehandling i småkravprosess, rettsmøte under saksførebuinga og planleggingsmøte.⁸⁵ Dersom partane samtykker kan også hovud- og ankeforhandling gjennomførast som fjernmøte. Det må likevel gjelda spørsmål som retten etter ei eiga vurdering finn at «egner seg for å drøfte i et fjernmøte».⁸⁶ Det er altså ikkje slik at partane har krav på å få saka si behandla i fjernmøte dersom dei ønskjer dette, det er noko dommaren avgjer om er hensiktsmessig og forsvarleg. Er saka stor, eller reiser kompliserte spørsmål bør tradisjonelt rettsmøte nyttast. Retten skal også ta stilling til om det må krevjast videooverføring for å sikre ei forsvarleg saksbehandling. Dersom det er tilfellet og slikt utstyr ikkje er tilgjengeleg, må møtet haldast i rettssalen på tradisjonell måte. Det er med andre ord anteke at videooverføring i større grad enn telefonmøte sikrar ei forsvarleg saksbehandling.

Gjennomføringa av fjernmøte og fjernavhøyr er nærare regulert i tvistelovforskrifta kapittel 3. Av § 10 følger at dersom heile eller delar av hovudforhandlinga skal haldast som fjernmøte skal deltaking fortrinnsvis skje frå domstol, politikammer, lensmannskontor eller advokatkon-

⁸² NOU 2001:32 s. 848.

⁸³ NOU 2001:32 s. 847-848; tvistelovforskrifta § 10 (1).

⁸⁴ TvL. § 13-1 (3).

⁸⁵ TvL. §§ 10-3 (2) 1. pkt. jf. (6), 9-4 (3), 9-5 (3).

⁸⁶ Ot.prp.nr.51 (2004-2005) s. 411.

tor. Deltaking kan også skje frå andre stadar dersom det er hensiktsmessig og nødvendig av helsemessige grunnar, eller retten finn det «ubetenkelig».⁸⁷ Dersom ein part skal delta ved fjernmøte og er representert av prosessfullmektig kan prosessfullmektigen i utgangspunktet velje om ho eller han vil møte opp der parten er eller i rettssalen.

Tvistelova opnar også for fjernavhøyr av partar, vitne og sakkyndige i § 21-10.⁸⁸ Fjernavhøyr er prinsipielt forskjellig frå fjernmøte då det ved fjernavhøyr er snakk om eit tradisjonelt rettsmøte der aktørane er i rettssalen, men ein eller fleire personar forklarar seg via telefon eller videokonferanse.⁸⁹ Ved fjernavhøyr deltek ikkje den som blir avhøyr i rettsmøtet utanom når ho eller han forklarar seg. Dette til forskjell frå fjernmøte, der aktøren som ikkje er fysisk til stades følgjer heile rettsmøtet. Av førearbeida til § 13-1 om fjernmøte følger at skjønnsstema for om retten kan bestemme bruk av fjernmøte «et stykke på vei» er dei same som for fjernavhøyr, og det er difor relevant å sjå nærare på vilkåra for fjernavhøyr etter § 21-10.⁹⁰

Vilkåra for å nytte fjernavhøyr er at «direkte avhør ikke lar seg gjennomføre eller er spesielt byrdefullt eller kostnadskrevende».⁹¹ Dette skal vegast opp mot forklaringa si viktighet; fjernavhøyr «bør» ikkje brukast for forklaringar som «kan være særlig viktige» med mindre kostnadane ved direkte avhøyr er svært store i forhold til betydninga tvisten har for partane.⁹² Lova legg her altså opp til ei proporsjonalitetsvurdering; det skal gjerast ei veging av omsynet til ei konsentrert og hurtig saksbehandling samt rimelege sakskostnadar mot betydninga av tvisten for partane og ei rettferdig, forsvarleg og tillitskapande behandling.⁹³ Dess viktigare tvist dess høgare er terskelen for bruk av fjernavhøyr, og direkte avhøyr føre retten er framleis hovudregelen.⁹⁴

⁸⁷ Tvistelovforskrifta § 10 (2) jf. (4).

⁸⁸ TvI. § 21-10 (1) 1. pkt.

⁸⁹ NOU 2001: 32 s. 847; Skoghøy (2014) s. 659-660.

⁹⁰ NOU 2001: 32 s. 848.

⁹¹ TvI. § 21-10 (1) 1. pkt.

⁹² TvI. § 21-10 (1) 2. pkt.; 1. pkt.

⁹³ Reusch (2019) note 1112; tvI. § 1-1 (1).

⁹⁴ Ot.prp.nr.51 (2004-2005) s. 232.

Vurderingstema viser at lovgjevar ser på fjernmøte som ei mindre god løysing for komplekse og viktige saker. Dette burde kanskje gjera det tvilsamt å nytta fjernmøte til heile hovud- og ankeforhandlingar, då desse presumptivt er viktige for partane når dei har brakt dei inn for retten. Departementet og Tvistemålsutvalget landa også på at det på tidspunktet for vedtaking av tvistelova ikkje var aktuelt å innføra ei ordning der heile hovudforhandlingar vert haldne som fjernmøte utover i særskilte situasjonar, der partane samtykker til det.⁹⁵ Departementet slutta seg likevel til Tvistemålsutvalet si oppfatning av at synet på bruk av fjernmøte kan endre seg etter kvart som teknologien blir betre og bruk av slikt utstyr generelt blir meir tilvant i samfunnet.

4 Digitale rettsmøte

Dei midlertidige reglane som opna for digital gjennomføring av rettsmøte i samband med utbrotet av covid-19 var eit svar på at ein grunnleggande rettstryggleiksgaranti – tilgang til ein domstol og retten til å få avgjerd i saka si innan rimeleg tid – stod i fare for å ikkje bli oppfylt på grunn av pandemien.⁹⁶ Domstolane si verksemd stoppa mange plassar heilt opp, og ei lang rekkje saker over heile landet vart utsett. Det midlertidige regelverket vart gitt for at domstolane skulle kunne halde fram med å vareta samfunnsfunksjonen sin, og vareta rettstryggleiken til borgarane også i kriseperioden.

Etter pandemien braut ut skaut bruken og utviklinga av videomøteteknologi fart, og digitale videomøterom med tilleggsfunksjonar som dokumentdeling, skjermdeling, oppslagstavler, chat, gruppemøterom («break-out rooms») mv. har blitt kvardagsteknologi.⁹⁷ I domstolane var bruk av slik teknologi svært avgrensa før utbrotet av covid-19, og pandemien gjorde det tydeleg at det var eit stort behov for oppdatering både av utstyr og arbeidsprosessar.⁹⁸

Møteromsteknologien domstolane brukar i dag er levert av det norske teknologiselskapet Pexip. Desse møteromma har ein del av tilleggsfunksjonane som er nemnt i førre avsnitt, men er generelt ikkje like avanserte eller stabile som samanliknbare verktøy frå t.d. Zoom eller

⁹⁵ Innst.O. nr. 110 (2004-2005) s. 48.

⁹⁶ Innst.275 L (2019-2020) s. 7.

⁹⁷ Krokkan (2020) s. 20.

⁹⁸ Grimstad (2020); NOU 2020: 11 s. 18-19.

Microsoft. Domstoladministrasjonen inngjekk difor tidlegare i år ei omfattande digitaliseringsavtale med samhandlingsspesialisten Kinly om levering av fullstendig nytt videokonferansesystem til domstolane.⁹⁹ Dette skal utviklast spesielt for gjennomføring av digitale rettsmøte. I det følgande skal eg evaluere bruken av digitale rettsmøte i Noreg etter covid-19-utbrotet. Funna eg gjer her kan vera rådgevande for kva funksjonar og teknologiske utbetringar som trengst i det nye videokonferansesystemet. Før eg ser på dette vil eg gjennomgå det midlertidige regelverket som kom etter utbrotet av pandemien, for å klårleggje dei rettslege rammene.

4.1 Rettsleg regulering av digitale rettsmøte

Reglane i midlertidig lov utfyller, supplerer og fråviker enkelte prosessreglar i tvistelova og domstollova.¹⁰⁰ Dei gir domstolane ein betydeleg utvida tilgang til å gjennomføre rettsmøte digitalt, utan samtykke frå partane. Dette reiser for det første spørsmål om «fjernmøte» etter dei midlertidige reglane er noko anna enn «fjernmøte» etter dei ordinære reglane i tvistelova. Dette spørsmålet blir behandla i punkt 4.1.2. For det andre reiser det spørsmål om i kva grad ei slik endring i gjennomføringsmåten av rettsmøte varetek grunnleggande rettstryggleiksgarantiar.¹⁰¹ Dette blir behandla i punkt 4.2-4.6.

4.1.1 Vilkåra «nødvendig og ubetenkelig»

Digitale rettsmøte er etter utbrotet av covid-19 regulert av midlertidig lov om tilpasningar i prosessregelverket som følge av utbruddet av covid-19 mv. § 3. Midlertidig lov § 3 fastset at «[r]etten kan beslutte at rettsmøter helt eller delvis skal holdes som fjernmøter, og at avhør skal gjennomføres som fjernavhør, når det er nødvendig og ubetenkelig (...)». Av andre ledd følgjer vidare at «[f]ør retten treffer beslutning om fjernmøter og fjernavhør, skal partene gis anledning til å uttale seg». Reguleringa medfører at kravet om samtykke frå partane som følgjer av dei ordinære reglane for fjernmøte i tvistelova § 13-1 (3) b) blir fråvike. Dette gjeld for alle tre instansar, og også for hovud- og ankeforhandling.¹⁰²

Det første vilkåret for å nytte fjernmøte etter den midlertidige lova er at det er «nødvendig», jf. § 3 (1) 1. pkt. Nødvendigheitskravet må etter ordlyden lese i lys av føremålet med den mid-

⁹⁹ Grimstad (2020).

¹⁰⁰ Innst.275 L (2019-2020) s. 1, 6; NOU 2020:11 s. 263.

¹⁰¹ Sjå kapittel 2.

¹⁰² Prop. 94 L (2019-2020) s. 25.

lertidige lova, forståast som eit krav om at det er nødvendig å bruka fjernmøte grunna smittevern, og at dette ikkje kan varetakast på andre måtar.¹⁰³ Det følger av førearbeida at kravet ikkje skal praktiserast strengt.¹⁰⁴ Retten må gjera ei konkret nødvendighetsvurdering ut i frå forholda i kvar sak, og det er ikkje tilstrekkeleg å visa til generelle smittevern-synsmåtar. Dette vart slått fast av Høgsterett sitt ankeutval i HR-2020-972-U, som rett nok gjaldt ei straffesak der fjernmøte utgjorde eit direkte inngrep i ei grunnleggande rettingheit etter EMK. Ankeutvalet presiserte at den midlertidige lova § 3 føreskriv ei konkret og grundig vurdering av moglegheitene for å vareta smittevern på andre måtar enn ved fjernmøte i den konkrete saka, og særleg gjeld dette der det blir gjort inngrep i grunnleggande rettingheiter.¹⁰⁵

Det andre vilkåret er at gjennomføring av rettsmøtet som fjernmøte er «ubetenkelig».¹⁰⁶ Dette vilkåret viser til at det skal gjerast ei vurdering av om det er forsvarleg å gjennomføra rettsmøtet som fjernmøte, ut i frå ei rekkje moment som er oppstilt i førearbeida.¹⁰⁷ Det avgjerande er likevel om prosessen, teke omsyn til alle forhold, blir rettferdig og varetek partane sin rettstryggleik.

Etter ordlyden må vilkåret «ubetenkelig» forståast som eit krav om at det ikkje må vera nokon grunn til å stille spørsmål ved om bruk av fjernmøte er forsvarleg, og den indikerer at terskelen er låg for at innvendingar skal føra til at fjernmøte ikkje kan nyttast. Også dette vilkåret må likevel tolkast i lys av den spesielle situasjonen og føremålet med den midlertidige lova, som er å få gjennomført rettsmøte og oppretthalda domstolane sin funksjon i ein situasjon der alternativet er å ikkje få prøvd saker i det heile.¹⁰⁸ Domstolane har ein samfunnskritisk funksjon og må fungere også i krisetider.¹⁰⁹ Staten er forplikta til å sikre ein kvar tilgang til å få saka si avgjort av ein domstol innan rimeleg tid, jf. Grl. § 95 (1), EMK art. 6 nr. 1 og SP art. 14 (1) jf. menneskerettslova § 3 jf. § 2. Denne rettingheita gjeld også i ekstraordinære situasjonar, og må vektleggast som overordna norm og tolkingsmoment i forsvarlegheitsvurderinga.

¹⁰³ Midlertidig lov § 3 jf. § 1 (1).

¹⁰⁴ Prop. 94 L (2019-2020) s. 11, 25.

¹⁰⁵ HR-2020-972-U (31).

¹⁰⁶ Midlertidig lov § 3 (1) 1. Pkt.

¹⁰⁷ Prop. 94 L (2019-2020) s. 25.

¹⁰⁸ Innst.275 L (2019-2020) s. 7.

¹⁰⁹ Prop. 94 L (2019-2020) s. 12; Domstoladministrasjonen (2020c).

Andre moment som må vektleggast er etter førearbeida saka sine særtrekk, forhold ved partane og omsyn til eventuelle fornærma eller vitne, vurdert opp mot den aktuelle måten å gjennomføre fjernmøtet på og det tilgjengelege fjernmøteutstyret.¹¹⁰ Her er videokonferanse å føretrekka over t.d. telefon.¹¹¹ Det må vidare leggast vekt på om møtet vil bli gjennomført heilt eller delvis som fjernmøte, kvar deltakarane kan opphalda seg under fjernmøtet; om deltaking kan skje frå ein stad underlagt offentleg kontroll og i kva grad omgivnadane kan sikre «verdige og betryggende rammer for møtet», samt offentlegheita si moglegheit til å følgje saka.¹¹² Det lyt også vurderast om spørsmåla som skal behandlast er eigna for drøfting i fjernmøte, særleg med tanke på omfanget og arten av bevisføringa.¹¹³ I tillegg skal partane sitt syn vektleggast, og om dei er sjølvprosederande. Retten bør også sjå til partane sine subjektive forhold, t.d. om dei har teknisk kompetanse til å delta trygt og effektivt i eit digitalt rettsmøte.¹¹⁴ Det skal altså gjerast ei samla vurdering av alle dei konkrete forholda i saka og den eventuelle gjennomføringa fysisk og som fjernmøte.¹¹⁵ Det avgjerande er om rettargangen, teke omsyn til alle forhold, blir rettferdig og varetek partane sin rettstryggleik ved gjennomføring i fjernmøte.¹¹⁶

4.1.2 Samanlikning av dei to lovene

Det må vurderast om det er noko anna enn vilkåra for å nytta fjernmøte som er forskjellig mellom det ordinære og det midlertidige regelverket. Er «fjernmøte» noko prinsipielt anna etter det nye regelverket? Inneber det midlertidige regelverket ein heilt ny måte å gjennomføre rettsmøte på?

Ordlyden «fjernmøte» er den same etter midlertidig lov § 3 og tvistelova § 13-1 (3). Dette talar for at fjernmøte også skal forståast likt etter dei to lovene. Det er heller ikkje gitt nokon eigen definisjon av fjernmøte i den midlertidige lova, men det følgjer av førearbeida at det «ikke [er] krav om at noen av deltakerne må være til stede på samme sted».¹¹⁷ Dette inkluderer også dommarane, som ikkje treng å vera i rettssalen under fjernmøtet men kan delta t.d. frå

¹¹⁰ Prop. 94 L (2019-2020) s. 25.

¹¹¹ Prop.94 L (2019-2020) s. 10.

¹¹² Prop. 94 L (2019-2020) s. 25.

¹¹³ Prop. 94 L (2019-2020) s. 12.

¹¹⁴ Prop. 94 L (2019-2020) s. 25.

¹¹⁵ Prop. 94 L (2019-2020) s. 11.

¹¹⁶ Prop. 94 L (2019-2020) s. 25.

¹¹⁷ Prop.94 L (2019-2020) s. 25.

kontoret eller heime. Det er opp til retten å avgjera kor mange og kven av deltakarane som skal delta via fjernmøte.

I tvl. § 13-1 (2) er fjernmøte i tradisjonelle saker definert som «møte der ikke alle deltakerne er til stede, men deltar via fjernmøteteknikk». Etter ordlyden kan «ikke alle» forståast som eit krav om at ikkje alle treng vera i rettssalen, men minst nokon må vera det. Dersom meininga var å opna for rettsmøte der alle deltakarane deltek via fjernmøteteknologi ville det vore meir naturleg å skriva t.d. «møte der noen eller alle deltakerne ikke er til stede». Dette kan tyde på at fjernmøte etter tvistelova ikkje var tenkt å skulle brukast til heildigital gjennomføring av rettsmøte, der ingen av aktørane er til stades i rettssalen.

Definisjonane av fjernmøte i førearbeida kan likevel lesast slik at dei opnar for rettsmøte der alle aktørane deltek via fjernmøte. I innstillinga s. 47 står det at fjernmøte er «et møte der deltakerne ikke fysisk befinner seg på samme sted», og i utgreiinga er det vidare skrive at «[s]lik fjernmøte er definert (...) kan dommeren og partene befinne seg på forskjellige steder. Skal retten bestå av flere dommere, trenger de heller ikke være fysisk samlet på ett sted.»¹¹⁸ Det er naturleg å forstå dette slik at også tvl. § 13-1 (2) opnar for fjernmøte der ingen av aktørane er fysisk til stades i rettssalen.

Også ordlyden «helt eller delvis» haldast som fjernmøte er lik i dei to lovene.¹¹⁹ Etter ei allminneleg språkleg forståing tyder dette at det kan nyttast ein kombinasjon av tradisjonelt rettsmøte og fjernmøte i same sak, anten for deler av forhandlingane eller for somme av aktørane. Dette vert bekrefta i førearbeida til begge lovene.¹²⁰

Det er ikkje presisert eller definert særskilt i den midlertidige lova kva type fjernmøteteknikk som skal nyttast. Det må difor også her føresetjast at det er tilgjengeleg teknologi som er avgjerande, i tråd med den teknologinøytrale målsetjinga med lovverket.¹²¹ Heller ikkje her er det altså nokon forskjell mellom fjernmøte etter tvistelova og den midlertidige lova.

¹¹⁸ NOU 2001:32 s. 846.

¹¹⁹ Midlertidig lov § 3 (1) 1. Pkt. jf. tvl. § 13-1 (3).

¹²⁰ Prop. 94 L (2019-2020) s. 25; NOU 2001:32 s. 848.

¹²¹ Kapittel 3; NOU 2001:32 s. 847; Tvistelovforskrifta § 10 (1).

Det følgjer av førearbeida til den midlertidige regelen at den supplerer gjeldande rett, og skal koma i tillegg til moglegheita til å bruka fjernmøte etter dei ordinære reglane i tvistelova.¹²² Tolkar ein den midlertidige lova i denne konteksten talar den identiske ordlyden for at «fjernmøte» må forståast likt etter begge lovene. Dersom ordet skulle tyda noko anna i den midlertidige lova måtte det føreligga konkrete haldepunkt til støtte for ei slik tolking. Det ville vera lite konsekvent å gje eit supplerande regelverk som legg til grunn ei ny forståing av sentrale omgrep i det opphævelege lovverket, utan at dette vart nærare presisert i lovteksten eller gjort greie for i førearbeida. Dette talar for at «fjernmøte» skal forståast likt etter det midlertidige og det ordinære regelverket, og at den midlertidige lova ikkje opnar for ein ny type rettsmøte men berre utvidar tilgangen til å bruke dei eksisterande digitale moglegheitene.

Ut i frå lovteksten og førearbeida er det altså ikkje nokon forskjell på fjernmøte etter det midlertidige og det ordinære lovverket, utover vilkåra for å bruka dette. Gjennom intervjuet til denne avhandlinga kom det likevel fram at fjernmøte, eller digitale rettsmøte, etter det midlertidige regelverket har blitt oppfatta og praktisert som noko ganske anna enn den typen fjernmøte som tvistelova tidlegare har opna for. Før utbrotet av covid-19 vart fjernmøte etter tvistelova, ifølgje dommarane eg intervjuet, svært lite brukt, og nær sagt aldri for heile hovud- og ankeforhandlingar. Det har vore somme saker der éin aktør følgjer heile det fysiske rettsmøtet via fjernmøte. Typisk har dette skjedd i utlendingssaker der utlendingen er returnert, men sær sjeldan eller aldri har fjernmøte blitt nytta slik at alle aktørane deltek via videooverføring. Elles er det i hovudsak planmøte over telefon og telefonavhøyr av vitne som har blitt brukt etter det ordinære regelverket. Før pandemien var det også «helt utenkelig med pådømmelse hjemmefra», som ein dommar i Oslo Tingrett uttrykte det. Dette vart bekrefta av dei andre dommarane eg intervjuet. Det har med andre ord ikkje vore praksis for at dommarar deltek i rettsmøte frå nokon annan stad enn rettssalen, og den typen digitale rettsmøte vi har sett under pandemien er noko heilt nytt.

Måten fjernmøte har blitt brukt på før utbrotet av covid-19 samsvarar også med den lovgjevjarviljen som kjem fram i førearbeida til tvistelova. Der står det at rettsmøte «som holdes som muntlig forhandling om sakens realitet, [som hovedregel] ikke skal holdes som fjernmøte», og vidare at det «på nåværende tidspunkt ikke [er] aktuelt å innføre en ordning der hovedfor-

¹²² Prop.94 L (2019-2020) s. 11.

handling i allmennprosessen avholdes som fjernmøte». ¹²³ Dette tyder på at lovgjevar neppe tenkte at tvl. § 13-1 (3) skulle gjera gjennomføring av heile hovud- og ankeforhandlingar, eller til og med heile saksforløp, ved fjernmøte til normalen. Dette talar også for å tolke definisjonen av fjernmøte i førearbeida til tvistelova, som vist til tidlegare, slik at dei ikkje var meint å skulle opne for heildigitale rettsmøte i hovud- og ankeforhandling, men berre var tenkt for dei mindre sentrale delane av sakshandsaminga. Ei slik forståing av fjernmøteregulverket er også rådande i den juridiske litteraturen. Robberstad skriv t.d. at «å holde hovedforhandlingen som fjernmøte bør bare bli aktuelt i helt enkle og uviktige saker. Noe annet ville innebære et radikalt brudd med både muntlighets-, umiddelbarhets- og offentlighetsprinsippene og de hensyn som ligger bak disse.» ¹²⁴

Før utbrotet av covid-19 var altså fjernmøte i praksis, i samsvar med lovgjevar sine intensjonar og juridisk teori, berre noko som vart brukt der partane samtykker til det og tvisten difor presumptivt er enkel eller av mindre betydning for dei, og for mindre viktige delar av saksgangen som saksførebuing og planmøte. Etter utbrotet av pandemien og dei midlertidige reguleringane har «fjernmøte» fått ei drastisk anna betydning og funksjon i praksis. I motsetnad til normalen vart dei færreste rettsmøte mellom mars og august gjennomført frå rettssalen, og dommarane deltok i hovudsak heimanfrå eller frå kontoret sitt. ¹²⁵ I det vidare vil denne bruken av fjernmøte bli omtala som digitale rettsmøte, til forskjell frå «fjernmøte» etter det ordinære regelverket i tvistelova.

Det er nødvendig med ei vurdering av korleis denne nye måten å gjennomføra rettsmøte på slår ut i praksis, og i kva grad grunnprinsippa som tradisjonelt vert rekna som føresetnadar for rettstryggleik blir oppfylt i digitale rettsmøte. ¹²⁶ Dette vil bli undersøkt i det følgjande, belyst med ein del rettssosiologiske og psykologiske perspektiv, samt empirisk informasjon frå intervju med dommarar og advokatar.

¹²³ Innst.O.nr.110 (2004-2005) s. 48.

¹²⁴ Robberstad (2018) s. 255.

¹²⁵ Informasjon frå intervju med dommar i Oslo Tingrett.

¹²⁶ Sjå kap. 2 for ein gjennomgang av grunnprinsippa.

4.2 Offentlegheit i digitale rettsmøte

4.2.1 Rettsleg og praktisk utgangspunkt

Som skrivne i kapittel 2 er det å kunne sikre offentlegheit rundt domstolsprosessen avgjerande for tilliten til rettsapparatet, og ein grunnleggande rettstryggleikgaranti.¹²⁷ Offentlegheita sin tilgang til rettsprosessen er også eit moment som skal vektleggast i vurderinga av om fjernmøte er «ubetenkelig» etter den midlertidige lova § 3, og dette prinsippet skal søkast oppfylt også i digitale rettsmøte.¹²⁸ Når rettsprosessen er digital må offentlegheita sin tilgang sikrast på ein annan måte enn ved den tradisjonelle, opne høyringa i rettssalen. Dette reiser nye problemstillingar både praktisk og i forhold til sikring av andre grunnleggande prinsipp og omsyn. Det er tema for dette delkapittelet.

Utgangspunktet om at rettsmøte skal vera offentlege og opne for alle gjeld likt for fjernmøte som for ordinære rettsmøte.¹²⁹ Under covid-19-pandemien har det vore mogleg for publikum å følgje somme rettsmøte digitalt.¹³⁰ I mindre saker har det vore opna for at personar som ønsker å følgje rettsmøtet kan kople seg på det digitale møterommet som deltakar. Dei må då gjera avtale med domstolen på førehand, og få tilsendt kode og passord som dei brukar for å kople seg på.¹³¹ Tilskodaren blir då ein «deltakar» i møtet på lik linje med dei andre aktørane.

Ei anna løysing som særleg har blitt brukt i større saker er å strøyme rettsmøtet på internett, slik at alle som vil kan sjå det direkte, utan å måtte logge seg på eller delta i møterommet. Dette vart gjort med m.a. rettsmøta om riving av Y-blokka, og også i straffesaka mot den tiltalte for terroren i Bærum, Philip Manshaus.¹³² I desse sakene vart rettsmøta strøyma på YouTube, og lenke til å følgje møtet vart lagt ut på domstolen sine nettsider på førehand. Strøyemen frå rettsmøtet om Y-blokka vart sett av over 6000 menneske, og nesten like mange har sett opptaka av strøyemen frå sluttprosedyrane i Manshaussaka, som framleis er tilgjengeleg på VG-TV.¹³³

¹²⁷ NOU 2020:11 s. 30-31.

¹²⁸ Sjå kap. 4.1.

¹²⁹ Domstollova § 124 (1); Prop. 94 L (2019-2020) s. 11-12.

¹³⁰ NOU 2020:11 s. 261.

¹³¹ Oslo Tingrett (2020a); Oslo Tingrett (2020b).

¹³² Oslo Tingrett (2020c); Norges Domstoler (2020a).

¹³³ Midtbø (2020); VG (2020).

Etter gjeldande lovverk har ikkje journalistar eller andre som ønskjer å vera publikum noko krav på å få følgje rettsmøte over videolink, men den einskilde domstolen kan tillata og leggja til rette for det om den vil.¹³⁴ Etter utbrotet av Covid-19 har dette blitt mykje meir utbredt, og vert omtala som eit «heilt nytt journalistisk verktøy».¹³⁵ Ved strøyming eller tilgang via videolink kan journalistar frå heile landet, i prinsippet også verda, følgje rettsmøte, noko som kan sikre ei breiare mediedekning av fleire saker. Det kan også gjera det lettare å følgja rettsmøte for andre som anten bur langt unna rettslokalet eller av andre grunnar er avskorne frå å møte opp fysisk.

Sjølv om dei direktesende rettsmøta i Y-blokka- og Manshaussaka ikkje kan samanliknast med «vanlege» saker når det gjeld publikumsinteresse, indikerer likevel tala på tilskodarar at denne måten å sikre offentlegheit på fungerer, og kanskje også passar betre for dagens publikum sine behov. Ei breiare og meir geografisk spreidd dekning av rettssaker, samt betre tilgang for publikum, vil medføra ei styrking av offentlegheitsprinsippet, noko som også vil kunne styrke rettstryggleiken.

4.2.2 Kontroll over kven som følgjer rettsmøtet

Ei utfordring med offentlegheit i digitale rettsmøte er at det ikkje er mogleg å kontrollera kven som faktisk følgjer møtet, eller om det blir gjort opptak eller om forhandlingane på andre måtar blir lagra eller delt privat eller offentleg. I utgangspunktet er ikkje dette problematisk, då rettsmøte som nemnt i hovudregelen skal vera offentlege og opne for alle, jf. Grunnlova § 100 (5) 1. pkt.. Det kan likevel gjerast unntak «av omsyn til personvern og andre tungtvegande grunnar», jf. Grl. § 100 (5) 2. pkt.. Slike unntak finst for visse typar saker, som av nemnde omsyn kan gå «for lukka dører» - utan tilskodarar. Dette er hovudregelen for m.a. familiesaker jf. domstollova § 125 (2), og elles for heile eller delar av eit rettsmøte der det er nødvendig av omsyn til m.a. privatlivets fred eller saka si opplysning.¹³⁶ I slike saker er ikkje avgrensing av offentlegheit veldig problematisk, då heile møtet kan haldast lukka for publikum.

Meir utfordrande er situasjonen for digitale rettsmøte som i utgangspunktet er opne for alle, men unntaksreglar gjer at visse personar likevel ikkje skal ha tilgang. Ein praktisk viktig un-

¹³⁴ Midtbø (2020).

¹³⁵ Midtbø (2020).

¹³⁶ Domstollova § 125 (1) b og c.

taksregel er at vitne i hovudregelen ikkje har lov til å følgje rettsmøtet før etter at dei har forklart seg, jf. tvistelova § 24-6 (1) 1. pkt. Regelen skal sikre at vitnet gir ei mest mogleg fri, riktig og sannferdig forklaring, og ikkje let seg påverke eller tilpassar forklaringa si til andre forklaringar eller opplysningar dei ikkje kjende til frå før.¹³⁷

I tradisjonelle rettsmøte er det nokså enkelt for dommaren å ha kontroll på kven som er i rettsalen, og desse reglane er forholdsvis enkle å overhalde. Når rettsmøtet er digitalt blir det å sikre offentlegheit samstundes som ein sikrar at vitne ikkje følgjer rettsmøtet i strid med tvl. § 24-6 praktisk vanskeleg.¹³⁸ For at retten skal ha oversikt over kven som følgjer rettsmøtet skal dommaren innleiingsvis klårleggje kven som er til stades i rettssalen eller det digitale møterommet.¹³⁹ Av same grunn vart også alle deltakarar i digitale rettsmøte, inkludert publikum, oppmoda til å ha kameraet sitt skrudd på under møtet.¹⁴⁰

Informantane sa likevel at sjølv om alle deltek med video er det praktisk vanskeleg å ha oversikt over deltakarane i møtet, då alle utanom den som snakkar til ei kvar tid berre vises i små ruter nedst på skjermen. Det er også ei grense på maks 7 slike deltakarbilete; deltakarar utover dette er «usynlege» i det digitale møterommet. I tillegg vil personar som ikkje er innanfor kameraet si rekkevidde også kunne vera «usynleg» til stades i retten, utan at dommaren kan ha oversikt over dette. I praksis kan dommaren difor ikkje vite kven som er til stades under rettsmøtet og eventuelt følgjer forhandlinga eller rådgjev partane. Det var til dømes fleire som fortalde at dei hadde hatt andre advokatar til stades i møterommet under fjernmøtet, som hadde bidrege med råd og til diskusjon undervegs i forhandlingane. Ettersom dei kan skru av mikrofonen sin kan dette gjerast utan å forstyrre møtet, og utan at retten i det heile blir gjort kjend med at det er fleire personar til stades.

Sjølv om ein avklårar kven som er logga på møterommet, og avgrensar tilgangen til å logge seg på utan godkjenning frå administrator, kan det lett tenkjast måtar å omgå dette på dersom nokon ønsker det. Det er ingen krav om å identifisere seg med legitimasjon eller anna, og det er i praksis svært vanskeleg å kontrollere kven det er som faktisk har logga seg inn. Pålog-

¹³⁷ Om grunngevinga for den tilsvarende regelen i straffeprosesslova § 129 (1) 2. pkt., jf. HR-2019-00692-U (8); Rt-2012-1227 (20).

¹³⁸ Schei (2019) kommentar til tvl. § 24-6.

¹³⁹ Skarning (2016) s. 50.

¹⁴⁰ Fortalt av dommarar i Oslo Tingrett.

gingsinformasjonen til rettsmøtet er heller ikkje individuell, og det er ingen hinder for at den-
ne vert delt med personar som ikkje skal ha tilgang til møtet. Det er også umogleg å hindre at
fleire enn den som er logga inn faktisk følgjer rettsmøtet, t.d. ved at fleire personar er til sta-
des i same rom, eller det blir gjort opptak eller overføring av møtet. Problemet knytt til at vit-
ne ikkje skal følgje forhandlingane før dei forklarar seg kan likevel løysast nokså enkelt, ved å
regulere kvar dei har lov til å opphalde seg under fjernmøtet. Ei løysing kan vera å etablere
lokale «rettssenter»; fysiske lokale der vitne og partar kan møte opp for å delta i fjernmøte. På
slike senter kan ein sikra både godt fjernmøteutstyr, formelle og ryddige rammer og kontroll
på partar og vitne.

Mangelen på kontroll over kven som er til stades i rettsmøtet kan også vera problematisk i
forhold til likebehandlingsprinsippet, ved at dommaren og motparten ikkje veit kven som råd-
gjev eller kjem med innspel til partane undervegs.¹⁴¹ Dette problemet kan tenkjast å bli bety-
deleg større om ein tek bruk av ny teknologi i betraktning. Tenkjer ein seg ein «usynleg» del-
takar i form av ein kunstig intelligens som analyserer det som blir sagt og lagt fram fortløpan-
de, og som kan avdekke feil eller manglande samsvar mellom t.d. vitneforklaringar, og vida-
reformidle dette til parten beinveges, er dette noko som kan påverke styrkeforholdet mellom
partane på ein måte som retten burde bli gjort kjend med.¹⁴²

Utfordringa med at retten ikkje har oversikt over kven som følgjer rettsmøtet gjer seg enda
sterkare gjeldande om ein nyttar direktestrøyming ope på internett. Her vil alle ha tilgang, og
det er i praksis umogleg å avgrense kven som følger med. Dersom denne løysinga blir brukt er
reglane om at vitne ikkje skal følgje rettsmøtet før dei forklarar seg i praksis illusoriske, noko
det må takast stilling til ved utforming av lovverket for fjernmøte i framtida.¹⁴³

4.2.3 Personvern

Å sikre offentlegheita tilgang til rettsmøta ved å gjera dei tilgjengelege på internett medfører
også andre typar utfordringar, særleg knytt til personvern og omsynet til partar og vitne. Når
eit rettsmøte blir tilgjengeleg for publikum, anten ved direktestrøyming eller ved at det blir
gitt tilgang til det digitale møterommet, fører dette til at alt som skjer i møtet i praksis kan bli

¹⁴¹ Rt-2012-1227 (23).

¹⁴² Mulcahy (2011).

¹⁴³ Schei (2019) kommentar til tvl. § 24-6.

gjort opptak av og tilgjengeleg på internett for alle, for all ettertid. Sjølv om ikkje domstolen publiserer opptak av forhandlingane er det umogleg å sikra at ikkje nokon som følgjer møtet digitalt gjer opptak, og gjer dette tilgjengeleg på internett, lagrar det eller delar med andre via sosiale mediar.

Her kan det trekkast ein parallell til diskusjonen i Tvistemålsutvalet om innsynsrett i saksdokument, særleg prosesskriv, i samband med vedtakinga av tvistelova.¹⁴⁴ Eit hovudargument mot å gjera slike tilgjengelege på internett var at dette ville medføre heilt nye måtar å få tilgang til private dokument og personleg informasjon på.¹⁴⁵ Utvalet uttala at det ville vera «uheldig om man for eksempel ved å søke på en persons navn på Internett automatisk skal kunne få opp detaljert materiale om vedkommende i tvistesaker som ligger langt tilbake i tid», og kom til at omsynet til partane måtte vege tyngre enn omsynet til innsyn for ålmenta her.¹⁴⁶ Dette omsynet gjer seg enda sterkare gjeldande for offentleggjering av digitale rettsmøte.

Når rettsmøte kan følgast over internett, og tilskodarane ikkje treng å møte opp fysisk i retts-salen, blir det i praksis svært mykje enklare både praktisk og truleg mentalt å ta opptak utan at retten eller partane er kjend med det. Det er i utgangspunktet ikkje ulovleg å gjera opptak av rettsmøte i sivile saker, men retten kan nekte det dersom det kan forstyrre forhandlingane, og anna lovgjeving som t.d. personvernretten eller åndsverklova set også grenser for dette.¹⁴⁷ I praksis vil nok likevel ikkje slike reglar hindre at opptak blir teke, lagra og potensielt delt eller spreidd vidare anonymt eller i private grupper, og det er umogleg å sikra at det ikkje er tilgjengeleg for ettertida.

Det er også nærliggande å tenkje at publikum som følger eit rettsmøte på ein skjerm frå heimen sin ikkje vil kjenne på det same alvorret og respekten for partane som dei ville gjort om dei var til stades i retts-salen. Forsking viser at virtuell avstand – det å sjå nokon på ein skjerm – fører til dehumanisering, og at ein har lett for å oppfatte dei som karakterar på TV meir enn ekte menneske.¹⁴⁸ Dette gjer det vanskelegare å relatere og aktivere empati overfor dei. Dette

¹⁴⁴ NOU 2001: 32 s. 859, 599, 603-604.

¹⁴⁵ NOU 2001: 32 s. 604.

¹⁴⁶ NOU 2001: 32 s. 605.

¹⁴⁷ Domstollova § 133; utgangspunktet er motsett i straffesaker, jf. domstollova § 131a; Norges Domstoler (2020b).

¹⁴⁸ Lee (2015).

kan føre til at rettssaker blir meir som «underhaldning» for publikum, både ved at dei oppfatar forhandlingane som mindre alvorleg og ekte, og ved at kven som helst kan følgje rettsforhandlingane utan å måtte «identifisere seg» for partane og retten ved å møte opp fysisk. Offentlegheitsprinsippet skal vareta rettstryggleiken til partane, og samfunnet sitt behov for opplysning om gjeldande rett og om innsyn i domstolane si maktutøving. Det er ikkje meint å skulle verne om eit underhaldningsbehov hos publikum på kostnad av deltakarane sitt personvern, og kan på lengre sikt gå utover både tilliten til domstolane og borgarane sin vilje til å nytte dei som tvisteløysar.

Offentleggjer av digitale rettsmøte kan føre til at det å delta i ei rettssak vil bli ein langt større personleg belastning for partar og vitne enn det allereie er i dag. I verste fall (men nok så sannsynleg) vil det som skjer i rettsmøtet kunne henge ved ein person svært lenge, ved at kven som helst ved eit enkelt «Google-søk» kan få opp videoopptak av vitne- eller partsforklaring denne personen har gitt i rettsmøte. Personvernregelverket dempar likevel denne ulempa noko, då det gir personar rett til å krevje opplysningar om seg sjølv sletta, og digitale spor sletta frå søk; den såkalla «retten til å bli gløymt».¹⁴⁹ Sjølv om opplysningar skulle koma ut, har ein altså i hovudregelen ein rett til å krevje dette sletta og ein rett til å «bli gløymt» og legge ting bak seg. Det er likevel truleg at det som skjer i rettsmøte vil bli tilgjengeleg for ein langt større krins av personar enn i dag dersom rettsmøta blir tilgjengelege for publikum på internett.

4.3 Tap av rettssalen som fysisk ramme for møtet

Digitale rettsmøte reiser også spørsmål om kva betydning det har at rettssalen som fysisk ramme for prosessen forsvinn. Dette kan påverke aktørane og publikum si oppleving av alvor og legitimitet i prosessen, og medfører også reint praktiske utfordringar knytt til kvar aktørane fysisk oppheld seg under møtet.

I tradisjonelle rettsmøte er aktørane og publikum samla innanfor rettssalen sine fire veggar. Dette bidreg til å disiplinere aktørane ved å etablere ei fysisk ramme for møtet. Når ein går inn i rettssalen er ein underlagt retten sin autoritet, og må respektere den verdigheita og høgtida som rettsprosessen krev. I rettssalen er det også praktiske grenser for kva publikum og ak-

¹⁴⁹ Personvernforordninga art. 17 jf. personopplysningslova § 1.

tørar kan ta seg til; dei er rett og slett under ein viss fysisk kontroll. Dette er i praksis ganske annleis i digitale rettsmøte.

Kvar deltakarane kan opphalda seg fysisk under digitale rettsmøte er noko som skal vektleggast ved vurdering av om fjernmøte er «ubetenkelig» etter den midlertidige lova, og helst skal deltaking skje frå ein stad underlagt offentleg kontroll som kan sikre «verdige og betryggende rammer for møtet».¹⁵⁰ Dette kan t.d. vera frå ein domstol, politikammer eller advokatkontor.¹⁵¹ Grunna smittevern var dette likevel i liten grad mogleg etter utbrotet av covid-19, og mange deltok i rettsmøte heimanfrå. Dette medfører at ein tapar dei fysiske og formelle rammene som rettssalen, eller ein stad underlagt offentleg kontroll, etablerer. Desse rammene har i tradisjonelle rettssaker ein disiplinerande funksjon på aktørane, som er vanskelegare å etablere når dei deltek heimanfrå. Dette kan illustrerast med nokre døme som kom fram under intervju.

Det første dømet er frå eit intervju med ein dommar i Oslo Tingrett. Under hovudforhandlinga i ei alvorleg valdtektssak hadde to tilskodarar, den eine i familie med tiltalte, fått løyve til å følgje rettsmøtet på videolink. Det digitale møterommet som domstolen nyttar til fjernmøte har ein funksjonalitet som liknar den vi finn m.a. i videomøteromstenesta Zoom, som inneber at møterommet fokuserer lyd og bilete på den personen som snakkar til ei kvar tid; i praksis den personen som lagar mest lyd. Administratoren (dommaren) har moglegheit til å dempe mikrofonen til andre deltakarar, men ut i frå det som kom fram i intervju var dette ein lite brukt og ukjent funksjon for mange. Då dei to nemnde tilskodarane frå eksempelet kopla seg på videomøterommet var både mikrofon og kamera hos dei aktivert, og dei kom difor automatisk i fokus på tingretten sin splitter nye, 98-tommars storskjerm i rettssalen. Begge to var heilt nakne. Etter ein del forfeila forsøk frå dei to nakne tilhøyrarane på å skru av kameraet enda det med at dommaren avslutta heile videomøtet.

Eit anna døme vart fortald av ein advokat, som hadde delteke i ei hovudforhandling der fleire av motpartane var sjølvprosederende og deltok heimanfrå. Desse hadde fleire gongar reist seg og forlate rettsmøtet undervegs, t.d. for å hente seg kaffi eller sleppe ut katten, trass i dommar sine instruksjonar om å «bli sitjande i retten». Ein dommar fortalde også om ei straffesak

¹⁵⁰ Prop. 94 L s. 25.

¹⁵¹ Tvistelovforskrifta § 10 (2) 1. Pkt.

han hadde hatt, der tiltalte deltok på videolink frå mobiltelefonen sin. Tiltalte sat i ein bil under hovudforhandlinga, noko som hadde fungert greitt heilt fram til dommaren oppdaga at bilen var i rørsle, og at det var tiltalte som kørde.

Desse døma illustrerer korleis den fysiske rettssalen etablerer ei formell ramme for rettsmøtet med fastlagde og velkjende spelereglar for aktørane. Desse spelereglane er ikkje der på same måte i digitale rettsmøte, og særleg blir dette tydeleg når aktørar deltek frå sin eigen heim. Døma indikerer også at den fysiske rettssalen og det å møte kvarandre direkte, ansikt til ansikt, er med på å etablere eit alvor og ein respekt for situasjonen som ikkje er like lett å etablere digitalt. I situasjonar som dei nemnde får deltakarane stor makt til å påverke og forstyrre forhandlingane, og det går i stor grad utover solenniteten og verdigheita i prosessen. Slike hendingar vil ikkje berre kunne svekke tilliten til domstolane og rettsprosessen i den einkilde sak, men også på overordna, lang sikt i samfunnet. Det vil også klårt kunne påverke partar og andre involverte si oppleving av at prosessen er rettferdig og forsvarleg, noko eg kjem tilbake til i kapittel 4.6.

Kvar aktørane fysisk er plassert under digitale rettsmøte kan også påverke vitne si moglegheit til å gje ei fri, sann og uavhengig forklaring. Gjennom intervjuet til avhandlinga kom det fram at vitne i digitale rettsmøte ofte deltok frå same fysiske stad som parten som førte dei, som regel frå kontoret til prosessfullmektigen. Somme gongar hadde dei delteke frå eit eige møterom i kontorlokalet til advokaten, slik at dei ikkje var i same rom som parten når dei forklara seg. I andre saker hadde dei forklara seg frå same møterom som parten og prosessfullmektigen også var i. Dette er for det første problematisk i forhold til regelen i tvistelova § 24-6 om at vitne ikkje skal følgje hovudforhandlinga før dei har forklara seg. Denne regelen blir fullstendig basert på tillit, og difor nærast illusorisk, om vitna kan opphalde seg på same stad som dei andre vitna og parten.

Når vitna er samla i same lokale som parten i forkant av og undervegs i hovudforhandlinga kan dette også medføre risiko for at dei blir utsett for tilsikta eller utilsikta press eller påverknad frå dei andre vitna eller frå parten om å forklare seg på ein bestemt måte. Å vera samla slik kan tenkjast å skape ein viss solidaritet mellom vitna og med parten. Det kan også medføre eit sosialt press om å forklare seg på ein bestemt måte. Dette kan tenkjast å gjera det vanskelegare for eit vitne å forklare seg sant og fullstendig dersom forklaringa ikkje harmonerer med det uttrykte eller meir underforståtte synet til dei andre vitna, eller dersom vitnet må for-

klare seg i disfavør av parten som har kalla det inn. I andre tilfelle kan det medføra ein personleg belastning for eit vitne eller parten, dersom det er ein vanskeleg relasjon mellom dei eller med andre vitne.¹⁵²

Samanliknar ein eksempela over med å delta frå ein fysisk rettssal, på «nøytral grunn» og med dommaren og motparten i same rom, er det nærliggjande å tenkja at det er enklare for eit vitne å forklare seg uavhengig, nøytralt og sannferdig i den sistnemnde situasjonen. Dette er viktig for å få saka opplyst og oppnå eit materielt riktig resultat, og talar for at vitne si fysiske plassering under digitale rettsmøte bør regulerast.

Deltaking i rettsmøte heimanfrå reiser også somme problemstillingar. For det første vil det ikkje vera alle som har verken eigna utstyr eller ein eigna stad til å gjennomføre digitale rettsmøte frå. Ein kan tenkja seg at somme må delta frå eit hus der ein stor familie er heime, og dei må delta frå eit lite eigna rom som t.d. soverommet, badet eller bilen for å få fred. Dette vil lett kunne tenkjast å påverka deltakaren sitt fokus og moglegheit til å forstå og delta aktivt i prosessen, noko som kan vera ei hindring for kontradiksjon og svekke saka si opplysning.¹⁵³ Det at partane deltek frå ulike omgivadar – den eine t.d. frå ein laptop eller mobil i eit rotete og slitt rom med støy frå familie i bakgrunnen, den andre frå eit flott kontor med topp fjernmøteutstyr, kan også tenkjast å kunne gå utover likebehandlinga av partane. Slike faktorar kan m.a. påverke inntrykket dommaren får av dei. Eg kjem tilbake til dette i neste kapittel.

Som vist i kapittel 2 kan fysisk kontekst også hjelpe med å «ramme inn» og organisere deltakarane si oppleving av prosessen – strukturere inntrykka, og slik kanskje gjera det enklare å forholda seg til ein elles komplisert og ukjend situasjon.¹⁵⁴ I digitale rettsmøte er rettssalen erstatta med eit virtuelt møterom på ein skjerm. Partane er ikkje plasserte i den faste formasjonen rundt midt- og tverraksen, men er i staden ei tilfeldig rekkje bilete av ansikt på ein skjerm. Dette kan gjera rollar og partsforhold mindre tydeleg. I ein australsk studie av bruken av digitale rettsmøte for innsette i fengsel rapporterte mange at dei hadde problem med å sjå dei andre deltakarane i fjernmøtet tydeleg, og dei sleit med å skilje dei frå kvarandre.¹⁵⁵ Det

¹⁵² NOU 2019:17 s. 86; Domstoladministrasjonen (2007) s. 18.

¹⁵³ Lucy (2020).

¹⁵⁴ Gélinas (2015).

¹⁵⁵ Space (2015).

var til og med ein del som rapporterte at dei ikkje hadde greidd å kjenne att sin eigen advokat i det virtuelle møterommet. Liknande problem kom også fram i fleire av intervjuet til denne avhandlinga, der dommarar og advokatar sakna moglegheita til å kunne følgje med på t.d. ein part sine reaksjonar under ei vitneforklaring, eller om ho eller han følgde med og forstod kva som skjedde i møtet.

Det bør vurderast om domstolen sitt digitale møterom kan utformast slik at partsforhold og roller blir tydeleggjort. Det bør vera synleg og oversiktleig kven som er partar og prosessfullmektig/rettsleg medhjelpar på kvar side av tvisten, og dommaren bør framhevast eller skiljast frå dei andre, slik at denne sin posisjon er tydeleg. Dette kan også bidra til å bevare noko av alvorret og dei formelle rammene rundt møtet. Å etablere lokale, fysiske rettsenter for deltaking i digitale rettsmøte kan også nemnast som ei mogleg løysing på ein del av utfordringane drøfta i dette delkapittelet.

4.4 Bevis i digitalt format

Digitale rettsmøte gjer inngrep i prinsippet om direkte bevisføring, noko som etter den tradisjonelle grunngevinga for dette prinsippet kan påverke dommaren si moglegheit til å vurdere bevisa og partane sin argumentasjon, og difor saka si opplysing, negativt.¹⁵⁶ Vidare blir også solennitetsomsynet trekt fram som ein viktig grunn til at bevisføringa bør skje i rettssalen, slik at «situasjonens alvor og høytid» kjem fram, som det står i førearbeida til tvistelova.¹⁵⁷ Omfanget og arten av bevisføringa, og om denne eignar seg for fjernmøtebehandling, er eit moment som skal vektleggast i vurderinga av om fjernmøte er «ubetenkelig» etter den midlertidige lova om tilpassingar i prosessregelverket § 3.¹⁵⁸ Dette viser at direkte bevisføring framleis er eit prinsipp lovgjevar ser på som viktig. Det er difor nødvendig med ei vurdering av korleis den digitale møteforma påverkar bevisføringa og dommaren si bevisvurdering.

Når det er snakk om fjernmøte og prinsippet om direkte bevisføring er det særleg moglegheita for å kunne vurdere truverd i parts- og vitneforklaringar som blir trekt fram som problematisk.¹⁵⁹ Forsking viser også at same informasjon kommunisert gjennom ulike presentasjons-

¹⁵⁶ Sjø t.d. Ot.prp. nr. 51 (2004-2005) s. 230; NOU 2001: 32 s. 833; Robberstad (2013) s. 224.

¹⁵⁷ NOU 2001: 32 s. 833.

¹⁵⁸ Prop. 94 L (2019-2020) s. 12.

¹⁵⁹ NOU 2001: 32 s. 833.

former blir vurdert svært forskjellig av mottakarane.¹⁶⁰ Ein svensk studie viste at vitne som forklara seg direkte for retten vart vurdert meir positivt av dommarane, og som meir sympatiske og truverdige enn vitne som vart presentert på videoopptak, og vidare at dess meir livaktig presentasjonen var dess meir positivt vart den vurdert.¹⁶¹

Vurderingar av truverd i seg sjølv har likevel blitt kritisert av fagpsykologien i lang tid, og forskning viser heilt klårt at slike vurderingar i praksis er umoglege uansett presentasjonsformat.¹⁶² Nyare forskning viser vidare at treffsikkerheita av slike vurderingar faktisk blir dårlegare når ein ser nokon direkte føre seg samanlikna med når ein kommuniserer over video, telefon eller skriftleg.¹⁶³ Dette er fordi vi utan medvit i stor grad let oss påverke av irrasjonelle og irrelevante faktorar når vi trur vi gjer rasjonelle vurderingar, og slike faktorar kjem sterkast fram i direkte møte med andre menneske.¹⁶⁴ Vurderingar der retten vert konfrontert ansikt til ansikt med partar og vitne er difor spesielt sårbare for irrasjonelle påverknadar. I digital kommunikasjon vert mange av dei irrasjonelle faktorane som påverkar dommaren si vurdering filtrert vekk, noko som kan gjera vurderingane meir nøytrale og slik styrke dommaren si upartiskheit og saka si opplysning; overordna gjera prosessen meir rettferdig og forsvarleg.

I intervju til denne avhandlinga trekte alle informantane fram at digitale rettsmøte hadde ein annan atmosfære enn tradisjonelle. Det vart peika på ei merkbar lettare og mindre formell stemning, med meir rom for småprat, vitsing og latter. Som nemnt i kapittel 2 la tvistemålsutvalet i førearbeida til tvistelova til grunn at rettsalen sin alvorstunge og høgtidelege atmosfære skal gjera det vanskelegare for vitne og partar å forklare seg usant.¹⁶⁵

Det er gjort forskning som indikerer at personar som forklarar seg i fjernmøte ikkje i same grad som i tradisjonelle rettsmøte skjønar alvorlet i situasjonen.¹⁶⁶ Digital avstand gjer at vitnet eller parten ikkje opplever den formelle og alvorlege atmosfæren som tradisjonelt rår i retten, og heller ikkje kjenner på det sosiale presset av å vera ansikt til ansikt med partane og domma-

¹⁶⁰ Stridbeck (2020).

¹⁶¹ Landstrøm (2012).

¹⁶² Stridbeck (2020); Skyberg (2019b) s. 3; Magnussen (2020).

¹⁶³ Magnussen (2020).

¹⁶⁴ Skyberg (2019b).

¹⁶⁵ NOU 2001: 32 s. 833.

¹⁶⁶ Stridbeck (2020); Landstrøm (2012).

ren. Dette kan gjera det lettare å lyge eller halde tilbake informasjon. Det var også fleire informantar som trekte fram krysseksaminasjon av vitne som ei utfordring i digitale rettsmøte, nettopp fordi vitna verka tryggare og mindre affektert av konfrontasjonen og alvoret i situasjonen når dei sat «trygt bak ein skjerm» i sin eigen heim eller på eit advokatkontor. Dette gjorde det vanskelegare å «presse» dei eller «stille dei til veggs» for svakheiter i forklaringa.

Nyare forskning viser likevel at meir avslappa vitne og partar kan vera fordelaktig for kvaliteten på forklaringane, og for opplevinga aktørane har av prosessen.¹⁶⁷ Dei siste åra har det blitt meir merksemd rundt det at god stemning og ein trygg, uformell atmosfære gjer vitne- og partsforklaringar betre, og at det har ein epistemologisk effekt å få folk til å slappe av i retten. Rettsprosessen kan opplevast som stressande, nedverdiggande og skremmande for vitne eller partar som må fortelje om traumatiske, intime eller andre ubehagelege ting i ein situasjon som for dei fleste er svært framand.¹⁶⁸ Dette kan verke paralyserande og føre til passivitet, og påvirke både deltakinga i prosessen og kvaliteten på forklaringar negativt. Å delta i rettsmøtet frå ein kjend plass og via ein skjerm har vist seg å kunne gjera deltakinga mindre stressande for mange, og ha ein positiv effekt på både kvaliteten av forklaringa og opplevinga vitnet har av å delta i rettssaka. Omsynet til eventuelle fornærma eller vitne er eit moment i vurderinga av om fjernmøte er forsvarleg etter den midlertidige lova, og slike verknadar bør difor vektleggast.¹⁶⁹ Dette indikerer også at digitale vitne- og partsforklaringar styrke saka si opplysning, og vera positivt for målet om å oppnå eit materielt riktig resultat.

4.5 Digital kommunikasjon

Sjølv om digitale rettsmøte varetek moglegheita for munnlegheit og dels også direkte bevisføring på ein noko modifisert måte, er det ein del element i kommunikasjonen som fell bort eller blir annleis. I fysiske møte er kommunikasjonen tredimensjonal, og informasjon blir gitt både verbalt og non-verbalt; gjennom kroppsspråk, augekontakt, mimikk osv. I digitale rettsmøte mister ein store delar av denne non-verbale dimensjonen, og kommunikasjonen er i hovudsak todimensjonal.¹⁷⁰ Dette kan påvirke rettstryggleiksgarantiar som kontradiksjon, dommaren si upartiskheit og likebehandlingsprinsippet, og treng nærare undersøking.

¹⁶⁷ Domstolstoladministrasjonen (2007) s. 18; Norges Domstoler (2019a); Mulcahy (2011).

¹⁶⁸ Mulcahy (2011); Domstoladministrasjonen (2007) s. 18; Norges Domstoler (2019a); Stridbeck (2020).

¹⁶⁹ Prop. 94 L s. 25.

¹⁷⁰ Stridbeck (2020).

I intervjuet til denne avhandlinga vart tap av kroppsspråk og ikkje-verbal kommunikasjon gjennomgåande trekt fram som ein hovudforskjell mellom digitale og tradisjonelle rettsmøte. Det vart peika på at digitale rettsmøte skapar ein større distanse mellom aktørane, og påverkar flyten og dynamikken i kommunikasjonen. Dette påverka ifølgje informantane både måten dei sjølv oppførte seg på, og måten dei oppfatta andre. Fleire nemnde at det å bryta inn medan nokon andre snakkar vert opplevd som meir hardt og konfronterande i digital kommunikasjon enn ansikt til ansikt. Dette fordi dei ikkje kan bruke kroppsspråk, blikkontakt og ansiktsuttrykk for å signalisere eller «avvæpne» avbrytinga. Det er også vanskelegare å sjå når det naturleg passar å bryte inn. Dette førte i følgje fleire av informantane til at dei vart meir passive i dei digitale rettsmøta, og vegra seg meir for å bryte inn med spørsmål eller korrigeringar enn dei ville gjort i eit fysisk rettsmøte. Dette kan kome i konflikt med både dommaren si plikt til aktiv saksstyring og partane sin rett til kontradiksjon, og kan gå negativt utover saka si opplysning.¹⁷¹

I videomøterom som Zoom, Microsoft Teams eller Pexip, som norske domstolar brukar, er det ei lita tidsforskyving eller forseinking i lydoverføringa som forstyrrar den naturlege dynamikken og flyten i samtalen.¹⁷² Fleire informantar peika på nettopp dette som ein utfordring, særleg når det gjaldt krysseksaminasjon av vitne, der flyt, dynamikk og spontanitet vert opplevd som viktig. På dette punktet kjem teknologien til kort i møte med vår vante og innlærte måte å kommunisere sosialt på.¹⁷³ I dei fleste kulturar gjeld den sosiale samtale-regelen «no gap, no overlap» - ingen pause, ingen overlapping. Å snakke etter tur er ein vel-etablert måte å strukturere kommunikasjon på som gjeld over heile verda og som vi lærer frå vi blir født. Vi har livslang trening i å vite akkurat kor lenge ein naturleg pause skal vare, og det er nærast ein ryggmargs-refleks å fylle unaturleg lange pausar med kremt, nynning, rørsle eller meir samtale. Tidsforskyvinga i det digitale møterommet gjer desse naturlege pausane lenger, noko som forstyrrar dynamikken i kommunikasjonen.

I ansikt til ansikt-kommunikasjon er den naturlege pausen før nokon andre tek over normalt på om lag 200 millisekund.¹⁷⁴ Etter dette tidsrommet med stillheit kjenner vi det naturleg å

¹⁷¹ Tvl. §§ 11-6, 1-1 (2) første og andre strekpunkt.

¹⁷² Norges Domstoler (2020d).

¹⁷³ Johnson (2020).

¹⁷⁴ Johnson (2020).

bryte inn. I digital kommunikasjon legg forseinkinga på minst 150 millisekund til dette, noko som fører til at pausar ofte blir unaturleg lange. Dette fører til at folk snakkar i munnen på kvarandre fordi dei ikkje greier å «time» sin tur til å snakke, og fordi alle kjenner behov for å fylle den unaturleg lange pausen – også den som nettopp har snakka men ikkje får noko svar innanfor det tidsrommet ein forventar.

Forsking har også vist at denne forseinkinga kan påverke korleis utsegn blir tolka og oppfatta av mottakarane. Ein amerikansk studie frå 2016 fann at positive svar på spørsmål vart vurdert som mindre genuine og truverdige dersom dei vart sagt etter meir enn 700 millisekund.¹⁷⁵ Dette er truleg fordi vi ser det som meir krevjande å komme på eit usant svar enn å spontant svare sanninga. Studiar har også avdekka at personar som er vanskelegare å forstå blir vurderte som mindre pålitelege, sjølv om grunnen til at dei er vanskelege å forstå er teknisk, t.d. grunna dårleg internett-tilgang eller utstyr.¹⁷⁶ Liknande funn er gjort kring faktorar som avstand til og plassering av kamera, kvaliteten på lyd og bilete, lyssetjing og bakgrunn i videomøte.¹⁷⁷ Studiar har vist at vi i digital kommunikasjon har ein tendens til å overføre vurderinga av videokvaliteten til personen bak skjermen.¹⁷⁸ Det vil seia at dersom lyd- eller bildekvaliteten til ein part eller eit vitne er dårleg er det ein risiko for at dommaren underbevisst overfører den negative vurderinga til parten eller vitnet sin person, og vurderer sjølve personen som mindre påliteleg og empatisk.

Desse underbevisste tendensane til å la teknisk kvalitet påverke vurdering av personane bak skjermen reiser for det første problematiske spørsmål knytt likebehandling av partane. Særleg problematisk blir dette ved bruk av såkalla «hybridfjernmøte», der berre somme av deltakarane er på fjernmøte medan dei andre er fysisk til stades.¹⁷⁹ I ein slik situasjon kan ein risikere at den parten som deltek via fjernmøte blir vurdert annleis og strengare enn den som er til stades fysisk. Også i saker der begge partar deltek via fjernmøte risikerer ein at forskjellar i teknisk utstyr og videokvalitet fører til ulik behandling og vurdering av dei to. Til slutt kan det også føre til at det blir eit skilje mellom korleis saker som blir handsama fysisk og saker som blir

¹⁷⁵ Foti (2016).

¹⁷⁶ Johnson (2020).

¹⁷⁷ Stridbeck (2020); Berry (1985); Reeves (1996) s. 4-5.

¹⁷⁸ Reeves (1996) s. 4-5.

¹⁷⁹ Dette vart også påpeika i førearbeida til tvistelova, jf. Ot.Prp. nr. 51 (2004-2005) s. 230.

handsama digitalt blir vurderte og slår ut, noko som kan koma i konflikt med prinsippa om rettseining og lik behandling for lova, jf. Grunnlova § 98.

Teknisk utstyr og videokvalitet kan også påverke ein part si moglegheit til å få fram synspunkta og argumenta sine, og gå utover den faktiske moglegheita til kontradiksjon.¹⁸⁰ Er kvaliteten dårleg er det større sjanse for at informasjon ikkje kjem fram til eller blir oppfatta av dommaren eller dei andre deltakarane, og at detaljar går tapt. Studiar av kommunikasjon i videomøte viser også at forseinking eller dårleg lydqualität ofte gjer at folk forenkler det dei skal seie og kuttar ut detaljar og utdjupingar for å bli forstått. Dette er biverknadar som kan gå negativt utover både retten til å argumentere for saka si og retten til kontradiksjon, samt saka si opplysing og målet om eit materielt riktig resultat.

Endringa i flyt og dynamikk gjer også at digital kommunikasjon er meir krevjande for hjernen enn kommunikasjon ansikt til ansikt.¹⁸¹ Dette vart også sagt av fleire av informantane i intervju. Digitale rettsmøte vart m.a. skildra som «fjernare» enn tradisjonelle, og kommunikasjonen som meir monoton og mindre engasjerande. Særleg dommarane opplevde at det kravde meir «jobb» å halde på konsentrasjonen og ikkje bli distraherert når dei følgde rettsmøtet på ein skjerm. Denne effekten har etter utbrotet av covid-19 fått nemninga «Zoom-fatigue», på norsk Zoom-trøytteik.¹⁸² Fenomenet vert forklara med at vi brukar ikkje-verbal kommunikasjon, som kroppsspråk og blikkontakt, for å dekode verbal informasjon når vi snakkar med nokon ansikt til ansikt. Tapet av den non-verbale informasjonen gjer at hjernen må jobbe hardare for å tolke meiningsinnhaldet i det som blir sagt, noko som gjer at vi blir meir slitne av denne typen kommunikasjon, og lettare misser fokus.

Den auka mentale påkjenninga har også konsekvensar for korleis hjernen prosesserer og vurderer informasjon. Studiar har vist at auka kognitiv belastning fører til at hjernen forsøker å «økonomisere» energibruken ved å bruke heuristikk – kort forklart ta «snarvegar» - i vurderingar.¹⁸³ Dette kan for eksempel vera å basera vurdering av sanninga i eit utsegn på enkle faktorar som utsjånaden til avsendaren eller kor godt ein likar personen.

¹⁸⁰ Terry (2010) s. vi, 7.

¹⁸¹ Johnson (2020); Susskind (2020); Rigby (2020).

¹⁸² Kyllingsbæk (2020); Whipple (2020).

¹⁸³ Kahai (2010); Stridbeck (2020).

Fleire dommarar sa også under intervju at dei opplevde det som vanskelegare å «aktivere» empati i digitale rettsmøte. Dei opplev det som vanskelegare å «oppdage, kjenne på og tilpasse seg kva slags tilstand den du står overfor er i» når ein ikkje er i same rom. Som nemnt tidlegare kan «virtuell avstand»; å sjå nokon via ein skjerm, ha ein slik effekt.¹⁸⁴ Dette kan påverke dommaren si vurdering av ein part eller eit vitne, og det kan også hindre at dommaren tilpassar og legg til rette for personar med særskilte behov. Mindre empati saman med kognitiv «økonomisering» kan føre til at dommaren vurderer ein part eller vitne som deltek digitalt meir negativt, og overfører denne vurderinga til truverda eller sanninga i forklaringa eller bevisa denne personen legg fram.

Mange av desse ulempene er likevel knytt til, og kan forbeholdt ved å utvikle og tilpasse teknologien som vert nytta i digitale rettsmøte. Igjen kan også fysiske lokale for digitale rettsmøte, med godt videokonferanseutstyr og ryddige omgivingar, trekkast fram som mogleg løysing på ein del av utfordringane.

4.6 Påverkar digitale rettsmøte tilliten til domstolane?

Ei så fundamental endring i måten å gjennomføre rettsmøte på som har skjedd etter covid-19-utbrotet reiser også spørsmål om korleis dette påverkar tilliten til domstolane, ikkje berre i den einskilde sak men også i samfunnet generelt, og på lengre sikt.

I eit ordtak heiter det at «justice must be seen to be done».¹⁸⁵ Når ein flyttar rettsprosessen frå den fysiske rettssalen til ei digital plattform får den ei heilt ny fysisk og visuell ramme, og mange av dei tradisjonelle uttrykka og symbola for autoritet, verdigheit og makt som gir legitimitet til rettsprosessen forsvinn. Dette er vektlagt av lovgjevar; i kva grad digitalt rettsmøte kan sikre «verdige og betryggende rammer for møtet» er eit moment i vurderinga av om fjernmøte er ”ubetenkelig” etter den midlertidige lova.¹⁸⁶ At rettargangen skal gjennomførast på ein tillitskapande måte er også eit grunnkrav til prosessen som er oppstilt i tvistelova sin

¹⁸⁴ Sjø kap. 4.2.3, s. 33.

¹⁸⁵ Skoghøy (2014) s. 517.

¹⁸⁶ Prop. 94 L (2019-2020) s. 25.

føremålsparagraf, og eit omsyn som må vektleggast tungt både i utforminga av lovgjevinga og i tolkinga og praktiseringa av den.¹⁸⁷

I NOU-en «Den tredje statsmakt» peikar Domstolkommisjonen på at digitalisering og ein auka bruk av digitale rettsmøte er nødvendig for å oppretthalda tilliten til domstolane som ein relevant tvisteløysar, og at dei må spegle den digitale utviklinga og dei nye kommunikasjonsformene i resten av samfunnet.¹⁸⁸ Ein meir effektiv og tilgjengeleg domstol vil også i seg sjølv bidra til å styrke tilliten i befolkninga.

Erfaringar frå digitale rettsmøte dei siste månadane illustrerer likevel korleis digitale rettsmøte også medfører element som kan svekke tilliten til domstolane, og gå utover retten sin autoritet og verdigheit. Eitt eksempel er den no berømte «toalettspylinga» som kunne høyrast under eit fjernmøte i den amerikanske Høgsteretten tidleg i år.¹⁸⁹ Eit meir alvorleg døme er å finne i ei sak frå Storbritannia, der ein eldre mann sitt ønske om å sleppa livsforlengande medisinsk behandling skulle behandlast i fjernmøte.¹⁹⁰ Dottera til mannen, som var vitne i saka, opplevde invasjonen av dagleglivet i retten, med hundar som bjeffa og dørklokker som ringte, som eit brot med den formaliteten og alvorlet som burde ligga over ei slik sak. Det var ingenting som indikerte at resultatet i saka vart feil, men opplevinga av å få ei rettferdig og forsvarleg behandling var ikkje der. Også situasjonar som skildra i kapittel 4.2, der den digitale rettssalen vart «kuppa» av to nakne tilskodarar, vil klårt kunne gå utover partane si kjensle av at saka blir handsama på ein verdig og alvorleg måte.

Å delta i ei rettssak er for dei fleste eit sjeldan og viktig møte med den dømmende statsmakt, og det handlar ofte om ein tvist eller konflikt som er av stor betydning for partane. Viktigheita av formaliteten, høgtida og ritualet ved denne anledninga for partane si oppleving av at prosessen er legitim og rettferdig bør ikkje undervurderast.¹⁹¹ Rettsmøtet har i ein del saker ein funksjon utover å gje dommaren nok opplysningar til å avgjera tvisten etter gjeldande rett. «[R]ettssalen er åstedet for konflikthåndteringen», og den brukar symbol, formalitet og ritual

¹⁸⁷ Skoghøy (2014) s. 517; Hov (2017) s. 46; tvl. § 1-1.

¹⁸⁸ NOU 2020: 11 s. 61-62, 18-20.

¹⁸⁹ Barbash (2020).

¹⁹⁰ EW COP 16 (2020); Kitzinger (2020).

¹⁹¹ Gibbs (2017) s. 1.

for å «sivilisere» konflikten og fremje ein formell og rituell atmosfære som legg til rette for konfliktløysing.¹⁹²

I digitale rettsmøte forsvinn desse elementa, og som tidlegare peika på er også stemninga i dei langt mindre formell og høgtideleg enn i dei tradisjonelle. Det kan spørjast kvifor det er slik, og om det er nødvendig å gje slepp på all formaliteten og alvoret i digitale rettsmøte. Uvissa kring bruk av rettskappe i digitale rettsmøte som rådde like etter utbrotet av covid-19 kan brukast som døme. Etter rettleiande utsegn frå Domstoladministrasjonen vart den rådande tolkinga av kappeforskrifta at kappeplikta ikkje gjeld i digitale rettsmøte, då desse blir rekna for å skje «utenfor fast innredete rettssaler».¹⁹³ Det vart ikkje gitt retningslinjer for kleskode i digitale rettsmøte i første og andre instans, slik det vart for Høgsterett.¹⁹⁴ Dette resulterte i ei rekkje ulike antrekk i digitale rettsmøte utover våren og sommaren; frå ein dommar kledd i strikkegenser til eit politivite i hawaiiiskjorte, og ein journalist som følgde rettsmøtet horisontalt frå sofaen i joggebukse.

Det kan stillast spørsmål ved den tolkinga av kappeforskrifta som har blitt utbreidd for digitale rettsmøte. Som nemnt i kapittel 3 skal lovverket vera teknologinøytralt. Uttrykket «fast innredete rettssaler» kan vanskeleg seiast å vera teknologinøytralt, og oppfyller ikkje lovgjevvar si målsetning på dette feltet. Skal ein regulere bruk av kappe teknologinøytralt kan det argumenterast med at ordlyden burde endrast til «rettssal», som etter ei teknologinøytral tolking vil kunne omfatte også virtuelle rettssalar i digitale rettsmøte. Utover den reint praktiske forskjellen at ein ikkje ser like mykje av kroppen og antrekket til aktørane i digitale rettsmøte som i rettssalen, er det liten grunn til å regulere bruk av kappe annleis i digitale rettsmøte. Når hovud- eller ankeforhandling vert gjennomført digitalt er dette føresetnadsvis ei fullverdig behandling av tvisten, og den einaste behandlinga av tvisten desse partane får. Unntak frå kappeplikta signaliserer at saka er mindre viktig – det kan samanliknast med at kappeplikta t.d. ikkje gjeld i småkravsaker.¹⁹⁵ For å vareta kjensla av at også digitale rettsmøte utgjer ei fullverdig og legitim behandling av tvisten burde det ikkje gjerast slike unntak.

¹⁹² Ryssdal (2011).

¹⁹³ Kappeforskrifta §§ 2 og 3; Sunnmøte tingrett (2020).

¹⁹⁴ Norges Høyesterett (2020) s. 3.

¹⁹⁵ Kappeforskrifta §§ 2 (1) 1. Pkt. og § 3 (1) 1. Pkt.

5 Avslutning

Eg vil avslutte med å gjera nokre overordna refleksjonar knytt til problemstillinga: I kva grad varetek digitale rettsmøte rettstryggleiken?

Analysen over viser at digitale rettsmøte utfordrar dei tradisjonelle rettstryggleiksgarantiane på ei rekkje ulike måtar. Mange av desse utfordringane er likevel knytt til at heildigitale hovud- og ankeforhandlingar vart introdusert og teke i bruk nærast over natta, som følgje av utbrotet av covid-19. Etter kvart som teknologien utviklar seg og blir meir tilvant, og den teknologiske kompetansen og forståinga i samfunnet generelt blir betre, vil mange av desse problema truleg reduserast. Mange av ulempene kan også betrast berre ved hjelp av enkle, praktiske grep. Døme på dette er hyppigare pausar, betre utstyr og ei planlegging og gjennomføring av rettsmøte som er tilpassa den digitale forma. Lokale, fysiske rettsenter for deltaking i digitale rettsmøte kan også vera ei løysing på fleire utfordringar. I tillegg vil auka kunnskap og medvit blant dommarar og advokatar om ulempene og risikoane digital kommunikasjon medfører truleg gjera dei betre rusta til å ta høgde for og motarbeide dei. Til slutt er også ei grundig og empirisk basert rettsleg regulering, spesielt tilpassa den digitale rettsmøteforma, ein føresetnad for at ein auka bruk av digitale rettsmøte i framtida skal bli vellukka og vareta rettstryggleiken.

Digitale rettsmøte kan likevel seiast å gjera nokså fundamentale inngrep i sivilprosessuelle grunnprinsipp som kontradiksjon, offentlegheit, munnlegheit og direkte bevisføring. Dette medfører likevel ikkje nødvendigvis at rettstryggleiken blir svekka. Tvert om kjem det ei rekkje nye fordelar og element som kan styrke rettstryggleiken med den digitale rettsmøteforma. Kapittel 4.6 viste til dømes at ein digital rettsprosess kan vera meir skånsam mot vitne, fornærma og pårørande, fordi mykje av alvoret og formaliteten frå dei tradisjonelle rettsmøta forsvinn. Dette kan vera positivt for saka si opplysning og moglegheita til å oppnå eit materielt riktig resultat. Ein mindre formell og høgtideleg prosess kan også bidra til å bringa domstolen nærare brukarane, og gjera den meir tilgjengeleg for «vanlege folk». Dette kan sjåast i samband med den globale trenden kalla «demokratisering av retten», som skildrar ei utvikling mot å gjera domstolar meir folkelege, for å minske gapet mellom domstolane og brukarane av

dei.¹⁹⁶ Som ein sorenskrivar treffande uttrykte det: «det er tross alt en del rustikke personer i retten, så det skal ikke være skremmende.»¹⁹⁷ Retten er tross alt ein stad der vanlege borgarar kjem for å få løyst konfliktane sine. Å gjera prosessen mindre formell og høgtideleg vil gjera at domstolane speglar samfunnet og borgarane betre, og ein auka bruk av digitale kommunikasjonsformer vil vera i tråd med dagens samfunn sine teknologiske krav og forventningar. Dette kan bidra til at domstolen held seg relevant som samfunnet sin primære og føretrekte tvisteløysar, og styrke tilliten til den.¹⁹⁸

Det må likevel takast omsyn til at rettsprosessen i somme saker har ein funksjon utover å oppnå eit materielt riktig resultat. Ritualet i rettssalen har ein konfliktløysingsfunksjon, og kan vera viktig for partane si oppleving av å ha fått ei rettferdig behandling og for legitimiteten i avgjerdene. I somme saker er prosessen nesten like viktig som resultatet, og ikkje minst viktig for at partane skal kunne forsone seg med utfallet. Det er difor ikkje alle sakstypar eller tvistar som er like eigna for digital behandling. Andre tvistetypar spring ut av eit reint behov for å få avklara eit rettsleg spørsmål, og elementet av konflikt og personleg involvering er difor i mindre grad til stades. Dette vil typisk kunne gjelda mange næringsvistar. Slike saker kan eigne seg godt for digital behandling, då behovet for konfliktløysing i vidare forstand er mindre her. Det bør difor gjerast vurderingar av kva for typar saker som eignar seg for behandling i digitale rettsmøte, noko det også må takast omsyn til i den rettslege reguleringa av dei.

Resultata av undersøkingane i denne avhandlinga tydar på at retten kan ha like gode føresetnadar for å oppnå eit materielt riktig resultat i digitale rettsmøte som i tradisjonelle. Resultata peikar også mot at den tradisjonelle, munnlege og direkte prosessforma ikkje nødvendigvis er den beste for å oppfylle dei omsyna som i utgangspunktet grunngir den. Dette kan takast til inntekt for ein revisjon, eller ei re-vurdering, av kva for grunnprinsipp vi vektlegg i utforminga og tolkinga av prosessregelverket, og kva vi ser som nødvendige føresetnadar for rettstryggleik. I europeisk prosesslovgjeving er det ein generell tendens mot mindre munnlegheit og direkte bevisføring, og kortare hovudforhandlingar.¹⁹⁹ Ei slik utvikling vert også føre-

¹⁹⁶ Gelinis (2015).

¹⁹⁷ Skyberg (1992) s. 66.

¹⁹⁸ NOU 2020:11 s. 61-62.

¹⁹⁹ NOU 2020: 11 s. 266.

slått for den norske prosessen av Domstolkommisjonen.²⁰⁰ Kommisjonen peikar m.a. på at ei munnleg prosessform ikkje nødvendigvis varetek dei rettstryggleiksomsyna den er meint å skulle sikre, då den stiller høge krav til dommaren sin hukommelse og evne til å notere ned viktige opplysningar. Ei munnleg prosessform stiller også høge krav til vitne og partar som må forklare seg etter minnet om hendingar som ofte ligg langt tilbake i tid.²⁰¹ I tillegg er opplesing av bevis svært tidkrevjande, og lite hensiktsmessig for dei nye bevistypane som i dag er blitt tilgjengelege via internett og digital kommunikasjon, som ofte omfattar svært store informasjonsmengder.²⁰² Den raske framveksten av nettbasert tvisteløysing både offentleg og privat over heile verda, med skriftleg saksbehandling og utan fysisk hovudforhandling, kan også sjåast som eit uttrykk for ei utvikling vekk i frå den tradisjonelle, munnlege og direkte rettsprosessen.²⁰³

Desse utviklingstendensane kan tyde på at det er i ferd med å skje ei endring i kva rettstryggleiksgarantiar vi ser på som dei viktigaste for å sikre ein rettferdig og forsvarleg prosess. Effektivitet og tilgang til domstolar blir i større grad vektlagt til fordel for dei tradisjonelle prinsippa om munnlegheit og direkte bevisføring. Denne utviklinga vil truleg bli enda meir tydelig i kjølvatnet av covid-19-pandemien. I lys av dette er det kanskje meir riktig å sjå digitale rettsmøte som del av ei utvikling i kva vi ser på som rettstryggleik, og korleis vi best sikrar dette, heller enn eit inngrep i rettstryggleiksgarantiane.

Avhandlinga her avdekkjer likevel ein del ulemper og risikoar ved ein digital rettsprosess som det enda ikkje er noko tilgjengeleg eller openberr løysing på. Særleg alvorleg er det om den digitale kommunikasjonsforma går utover partane sine moglegheiter til effektiv kontradiksjon, eller dommaren si upartiskheit og likebehandling av partane. Desse konsekvensane treng ytterlegare undersøking, og må kartleggast før ein tek avgjerd om framtidig bruk av digitale rettsmøte.

²⁰⁰ NOU 2020: 11 s. 266, 281-282.

²⁰¹ Hjort, 2007, s. 8.

²⁰² NOU 2020: 11 s. 281.

²⁰³ Krokan (2020) s. 11-12; NOU 2020:11 s. 252.

Kjeldeliste

Litteratur

- Andenæs (2009) Andenæs, Mads Henry. Rettkildelære. (2. utg.) Oslo: Calax, 2009.
- Backer (2015) Backer, Inge Lorange. Norsk Sivilprosess. Oslo: Universitetsforlaget, 2015.
- Barbash (2020) Barbash, Fred. "Oyez. Oy vey. Was that a toilet flush in the middle of a supreme Court live-streamed hearing?" *The Washington Post* 07.05.2020.
- Berry (1985) Berry, Diane og Leslie Z. McArthur. «Some components and consequences of a babyface.» *Journal of personality and social psychology* nr. 2/48 (1985) s. 312-323 <https://doi.org/10.1037/0022-3514.48.2.312>.
- Berry (1986) Berry, Diane og Leslie Z. McArthur. «Perceiving character in faces: the impact of age-related craniofacial changes on social perception.» *Psychological Bulletin* 100(1) (1986) s. 3-18 <https://doi.org/10.1037/0033-2909.100.1.3>.
- Boe (2020) Boe, Erik Magnus. Grunnleggende juridisk metode. (4. utg.) Oslo: Universitetsforlaget, 2020.
- Cross (2020) Cross, Michael. «Let's be modest with change says online courts guru Susskind.» *The Law Society Gazette* 04.06.2020 <https://www.lawgazette.co.uk/practice/lets-be-modest-with-change-says-online-courts-guru-susskind/5104504.article>.
- Domstoladministrasjonen (2020a) Domstoladministrasjonen. «Digitale rettsmøter ble løsningen på stengte rettslokaler.» 2020. <https://www.domstol.no/nyheter/digitale-rettsmoter-ble-losningen-pa-stengte-rettslokaler/> henta 10.10.2020.
- Domstoladministrasjonen (2020b) Domstoladministrasjonen. «Pressemelding: Nå blir det mulig å gjennomføre flere rettssaker.» 30.03.2020 <https://www.domstol.no/nyheter/pressemelding-mulig-a-gjennomfore-flere-rettssaker/> henta 03.09.2020.
- Domstoladministrasjonen (2007) Domstoladministrasjonen. «Videokonferanseprosjektet i justissektoren: evalueringsrapport.» 2007.

- Domstoladministrasjonen (2020a) Domstoladministrasjonen. «Opptak i retten». 2020. <https://www.domstol.no/domstoladministrasjonen/opptak-i-retten/> henta 20.11.2020.
- Foti (2016) Foti, Dan og Felicia Roberts. «The neural dynamics of speech perception: Dissociable networks for processing linguistic content and monitoring speaker turn-taking.» *Brain Lang.* 2016 DOI: [10.1016/j.bandl.2016.05.001](https://doi.org/10.1016/j.bandl.2016.05.001).
- Gadher (2020) Gadher, Dipesh og Rosa Ellis. «The Future of The justice system: will courts and juries ever return to normal?». *The Sunday Times*, 18. juli 2020. <https://www.thetimes.co.uk/article/the-justice-system-will-courts-and-juries-ever-return-to-normal-h7zfzqgl5>, henta 10.10.2020.
- Gelinas (2015) Gelinas, Fabien mfl. «Judicial architecture and rituals.» *Foundations of Civil Justice*, Sveits: Springer International Publishing, Cham, 2015 https://doi.org/10.1007/978-3-319-18775-4_1.
- Gibbs (2017) Gibbs, Penelope. “Defendants on video – conveyor belt justice or a revolution in access?” London: *Transform Justice* 2017 <http://www.transformjustice.org.uk/wp-content/uploads/2017/10/Disconnected-Thumbnail-2.pdf> henta 12.08.2020.
- Goffman (1974) Goffman, Erving. «Frame Analysis: An essay on the organization of experience.» Cambridge: *Harward University Press*, 1974.
- Grimstad (2020) Grimstad, Grunde. “Digitaliserer domstolene for 320 millioner.” *Finansavisen* 10.05.2020. <https://finansavisen.no/nyheter/teknologi/2020/05/10/7524926/kinly-har-vunnet-kontrakt-for-digitaliseringslosninger-til-domstoladministrasjonen> henta 24.11.2020.
- Hov (2010) Hov, Jo. Innføring i prosess 1. Oslo: Calax, 2010.
- Hov (2017) Hov, Jo. Rettergang i sivile saker. (3. utg.) Oslo: Papinian, 2017.
- Jahre (2020) Jahre, Hans-Petter. «Merknad til midlertidig lov om tilpasninger i prosessregelverket som følge av utbruddet av covid-19 mv» i *Lov-data* 2020, henta 31.10.2020.

- Johnson (2020) Johnson. «Why Zoom meetings are so dissatisfying.» *The Economist*, 16.05.2020 <https://www.economist.com/books-and-arts/2020/05/16/why-zoom-meetings-are-so-dissatisfying> henta 27.10.2020.
- Kahai (2010) Kahai, Surinder. “Is Video Conferencing a Good Substitute for face-to-face meetings?” *Leading Virtually* 06.06.2010 <https://www.leadingvirtually.com/is-video-conferencing-a-good-substitute-for-face-to-face-meetings/> henta 20.09.2020.
- Kitzinger (2020) Kitzinger, Celia. “Remote Justice: a family perspective.” *Transparency Project Blog* 29.03.2020 <http://www.transparencyproject.org.uk/remote-justice-a-family-perspective/> henta 12.08.2020.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2019) Kommunal- og moderniseringsdepartementet. “En digital offentlig sektor: Digitaliseringsstrategi for offentlig sector 2019-2025.” 2019, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/en-digital-offentlig-sektor/id2653874/?ch=5> henta 22.08.2020.
- Krokan (2020) Krokan, Arne. «Digital transformasjon av domstolene – en utdypning». *Vedlegg til NOU 2020: 11 Den tredje statsmakt*, 30. september 2020.
- Kyllingsbæk (2020) Kyllingsbæk, Søren og Rasmus Dam Bonnesen. “Er du også træt af Zoom?” 18.05.2020 https://nyheder.ku.dk/alle_nyheder/2020/05/er-du-ogsaa-traet-af-zoom/ henta 20.09.2020.
- Landstrøm (2012) Landstrøm, Sara, Rebecca Willèn og Eric Bylander. «Rättspraktikers innstilling till modern ljud- og bildteknik i rättssalen – en rättspsykologisk studie.» *Svensk Juristtidning* 2012 <https://svjt.se/svjt/2012/197> henta 26.10.2020.
- Lee (2015) Lee, Min Kyung, Nathaniel Fruchter og Laura A. Dabbish. «Making decisions from a distance: The Impact of Technological Mediation on Riskiness and Dehumanization.» 2015 https://www.researchgate.net/publication/268812146_Making_Decisions_From_a_Distance_The_Impact_of_Technological_Mediation_on_Riskiness_and_Dehumanization henta 02.10.2020.
- Lucy (2020) Lucy, R. “Justice on the altar.” *Transparency Project* 29.04.2020

- <http://www.transparencyproject.org.uk/justice-on-the-altar/> henta 02.10.2020.
- Magnussen (2020) Magnussen, Svein og Ulf Stridbeck. «Vurdering av troverdighet: Hva sier forskningen anno 2020?» *Tidsskrift for strafferett* nr. 1/2020 <https://juridika.no/tidsskrifter/tidsskrift-for-strafferett/2020/1/artikkel/magnussen> henta 26.10.2020.
- McKay (2018) McKay, Carolyn. “The pixelated prisoner: prison video links, court ‘appearance’ and the justice matrix.” Sydney: Routhledge, 2018.
- Midtbø (2020) Midtbø, Oddrun. «Korona-restriksjonar gir journalistar eit nytt verk-tøy.» *Journalisten.no* 02.04.2020 <https://journalisten.no/arne-jensen-fengslingsmote-ina-lindahl-nyrud/korona-restriksjonar-gir-journalistar-eit-nytt-verktoy/408148> henta 25.09.2020 henta 20.09.2020.
- Mulcahy (2011) Mulcahy, Linda. “Legal architecture, justice, due process and the place of law.” *Law and humanities* vol.5/2 (2011) s. 415-423.
- Nedre Romerike Tingrett (2020) Nedre Romerike Tingrett. “Oppførsel i retten.” 2020 https://www.domstol.no/en/Enkelt-domstol/nedre-romerike-tingrett/sivil_sak/oppforsel-i-retten/ henta 20.08.2020.
- NESH (2016) Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. 2016. <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-humaniora-juss-og-teologi/>, henta 28.10.2020.
- Norges Domstoler (2018) Norges Domstoler. «Årsrapport.» 2018, <https://www.domstol.no/Enkelt-domstol/arsrapport/aktiviteterogresultater/digitaliseringogit/> henta 27.08.2020.
- Norges Domstoler (2019a) Norges Domstoler (1). “Dommerpodden.” [Podcast], (30.01.2019) <https://soundcloud.com/user-726331527/dommerpod-mix-dommerklubba>. henta 21.08.2020.
- Norges Domstoler (2019b) Norges Domstoler (2). «Årsrapport.» 2019, <https://www.domstol.no/arsrapport-2019/aktiviteter-og-resultater/digitaltrettsliv/> henta 27.08.2020.

- Norges Domstoler (2020a) Norges Domstoler. (3) «Strømming av Manshaussaken.» (27.08.2020) <https://www.domstol.no/nyheter/stromming-av-manshaussaken/> henta 20.09.2020.
- Norges Domstoler (2020b) Norges Domstoler. (4) «Offentlighet og innsyn.» <https://www.domstol.no/elektronisk-pressemappe/offentlighet-i-rettspleien/> henta 02.10.2020.
- Norges Domstoler (2020c) Norges Domstoler. (5) «Digitale Domstoler.» <https://www.domstol.no/digitaledomstoler/hva-er-digitale-domstoler2/organisering-og-delprosjekt/> henta 27.08.2020.
- Norges Domstoler (2020d) Norges Domstoler. (6) «Hvordan kommer du inn i domstolenes videomøterom?» <https://spark.adobe.com/page/T8a8vMATRRfi1/> henta 26.10.2020.
- Norges Høyesterett (2020) Norges Høyesterett. «Veiledning for fjermøter og skriftlig behandling.» <https://indd.adobe.com/view/4b73c505-2184-4989-adc7-4f84c2660ae6> henta 20.10.2020.
- Oslo Tingrett (2020a) Oslo Tingrett. «Følg et rettsmøte.» <https://www.domstol.no/Enkelt-domstol/oslotingrett/om-domstolen/offentlighet-og-innsyn/jeg-vil-folge-et-rettsmote/> henta 20.09.2020.
- Oslo Tingrett (2020b) Oslo Tingrett. «Offentlighet og innsyn.» <https://www.domstol.no/Enkelt-domstol/oslotingrett/presstjenester/offentlighet-og-innsyn/> henta 20.09.2020.
- Oslo Tingrett (2020c) Oslo Tingrett. «Rettsmøte om Y-blokka streames.» <https://www.domstol.no/Enkelt-domstol/oslotingrett/nyheter/begjaring-om-midlertidig-forfoyning-om-a-stanse-riving-av-y-blokka/> henta 20.09.2020.
- Reeves (1996) Reeves, Byron og Ivar Nass. «The media equation: How people treat computers, television, and new media like real people and places.» Cambridge university press, 1996.
- Reinertsen (2020a) Reinertsen, Marianne. «Fremtidens domstol blir digital – men den kan bli mindre rettsikker». *Juridika Innsikt*, 23. oktober 2020.
- Reinertsen (2020b) Reinertsen, Marianne. «Koronakrisen gir legal tech sjumilsstøvler».

Juridika Innsikt, 26. mai 2020.

- Reusch (2020) kommentar til § 21-10 Reusch, Christian H.P. og Kaare Andreas Shetelig. «Kommentar til tvl. § 21-10» i *Rettsdata* 2019 henta 28.08.2020.
- Rigby (2020) Rigby, Rhymer. “Look me in the eye and tell me you don’t suffer Zoom fatigue.” *The Times* 01.05.2020
<https://www.thetimes.co.uk/article/look-me-in-the-eye-and-tell-me-you-don-t-suffer-zoom-fatigue-7rmrzd89> henta 20.09.2020.
- Robberstad (2013) Robberstad, Anne. “Sivilprosess” (2. Utg.) Oslo: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS, 2013.
- Robberstad (2018) Robberstad, Anne. Sivilprosess. (4. utg.) Oslo: Vigmostad & Bjørke AS, 2018.
- Ryssdal (2011) Ryssdal, Anders. “22. juli og rettsstatens liturgi.” *Lov og Rett* 10/2011 vol. 50. <https://www-idunn-no.ezproxy.uio.no/lor/2011/10/art03>.
- Schei (2019) kommentar til § 24-6 Schei, Tore mfl. «Kommentar til tvl. § 24-6» i *Juridika* 2019 henta 01.10.2020.
- Skarning (2016) Skarning, Nicolai. «Rettsmøtene skritt for skritt.» (3. utg.) Oslo: Juristforbundet, 2016.
- Skoghøy (2014) Skoghøy, Jens Edvin A. *Tvisteløsning*. (2. utg.) Oslo: Universitetsforlaget, 2014.
- Skyberg (1992) Skyberg, Lisbeth Fullu. *Iscenesatt rettferdighet – En sosiologisk analyse av domstolens praksis*. Universitetet i Oslo: Unipubkompendier, 1992.
- Skyberg (2019a) Skyberg, Lisbeth Fullu. «Prinsippet om fri bevisbedømmelse i et komparativt rettshistorisk og psykologisk perspektiv.» *Tidsskrift for strafferett* nr. 3/2019 <https://doi.org/10.18261/issn.0809-9537-2019-03-01> (2).
- Skyberg (2019b) Skyberg, Lisbeth Fullu. *Rettslige forklarings troverdighet*. Universitetet i Oslo, 2019.
- Somby (2020) Somby, Ande. «I retten råder ritualene.» *Forskning.no/UiT Norges arktiske universitet*. (2011) <https://forskning.no/juridiske-fag-uit->

- norges-arktiske-universitet-partner/i-retten-rader-ritualene/734620
henta 20.08.2020.
- Space (2015) Space, Carceral og Carolyn McKay. «Video Links from prison: Court «apperance»». *Sage Journals* Vol 14, 2 (2015) s. 242-262
<https://doi.org/10.1177/1743872115608350>.
- Stridbeck (2020) Stridbeck, Ulf. «Digitale vitneforklaringer i koronaens tid.» *Juridika Innsikt* 18.06.2020 <https://juridika.no/innsikt/digitale-vitner-i-koronaens-tid> henta 12.08.2020.
- Sunnmøre Tingrett (2020) Sunnmøre tingrett. «Koronatiltak i Sunnmøre tingrett.» <https://www.domstol.no/Enkelt-domstol/sunnmore-tingrett/om-sunmoere-tingrett/informasjon-om-koronasituasjonen/> henta 26.10.2020.
- Susskind (2020) Susskind, Richard. «The future of courts.» *Remote courts* vol. 6/ nr. 5 2020 <https://thepractice.law.harvard.edu/article/the-future-of-courts/> henta 20.09.2020.
- Terry (2010) Terry, Matthew, Dr Steve Johnson og Peter Thompson. «Virtual Court pilot Outcome evaluation.» *Ministry of Justice Research Series* 21/10 2010.
- Thagaard (2018) Thagaard, Tove. Systematikk og innlevelse, en innføring i kvalitative metoder. (5. utg.) Oslo: Fagbokforlaget, 1998.
- Tjora (2012) Tjora, Aksel. Kvalitative forskningsmetoder i praksis. (2. utg.) Oslo: Gyldendal Akademisk, 2012.
- Vermeys (2008) Vermeys, Nicolas W. «Ritual, Symbolism and... Cyberjustice?: A reflection on how ritualistic practices seem to hinder the integration of technology into the legal process.» Montreal: AIJA, 2008.
- VG (2020) VG. «Sluttprosedyrer i Manshaus-saken.» 20.05.2020
<https://www.vgtv.no/video/197189/sluttprosedyrer-i-manshaus-saken> henta 20.09.2020.
- Whipple (2020) Whipple, Tom. «Stop staring, we have started to suffer from Zoom fatigue.» *The Times* 01.06.2020
<https://www.thetimes.co.uk/article/stop-staring-we-have-started-to-suffer-from-zoom-fatigue-rb0g72h5j> henta 20.09.2020.

Lover og forskrifter

- 1814 Lov 17. mai 1814 Kongeriket Noregs grunnlov (Grunnlova).
- 1915 Lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstollova).
- 1981 Lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosesslova).
- 1995 Forskrift 23. juni 1995 nr. 577 om bruk av rettskapper mv. ved domstolen (kappeforskrifta).
- 1999 Lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettslova).
- 2005 Lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister (tvistelova).
- 2007 Forskrift 21. desember 2007 nr. 1605 til tvisteloven (tvistelovforskrifta).
- 2018 Lov 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysninger (personopplysningslova).
- 2020 Midlertidig lov 27. mars 2020 nr. 17 om forskriftshjemmel for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 mv. (koronalova).
- 2020 Midlertidig forskrift 27. mars 2020 nr. 459 om om forenklinger og tiltak innenfor justissektoren for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 mv. [midlertidig forskrift].
- 2020 Midlertidig lov 26. mai 2020 nr. 17 om tilpasninger i prosessregelverket som følge av utbruddet av covid-19 [midlertidig lov].
- 2020 Lov 6. november 2020 nr. 125 om forlengelse av midlertidig lov om tilpasninger i prosessregelverket som følge av utbruddet av covid-19 [forlengelseslova].

Førearbeid

- NOU 2001: 32 *Rett på sak Lov om tvisteløsning (tvisteloven).*
- NOU 2010: 14 *Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte.*

NOU 2019: 17	<i>Domstolstruktur.</i>
NOU 2020: 11	<i>Den tredje statsmakt – Domstolene i endring.</i>
Ot.prp. nr. 51 (2004-2005)	<i>Om lov om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven).</i>
Ot. Prp. Nr. 27 (2005-2006) B)	<i>Om lov om endringer i lov 13. august 1915 nr. 5 om domstoler (domstolloven) og enkelte andre lover.</i>
Prop. 94 L (2019-2020)	<i>Midlertidig lov om tilpasninger i prosessregelverket som følge av utbruddet av covid-19 mv.</i>
Prop. 7 L (2020-2021)	<i>Endringer i midlertidig lov om tilpasninger i prosessregelverket som følge av utbruddet av covid-19 mv. (forlengelse).</i>
Innst.O. nr. 110 (2004-2005)	<i>Om lov om mekling og rettergang i sivile tvister.</i>
Innst.275 L (2019-2020)	<i>Om Midlertidig lov om tilpasninger i regelverket som følge av utbruddet av covid-19 mv.</i>

Rettspraksis

Rt-2005-1590.

Rt-2007-459.

Rt-2012-1227.

Rt-2015-965.

HR-2016-1587-U.

HR-2019-00692-U.

LG-2020-115571.

Internasjonale og utanlandske rettskilder

EMK *Konvensjon om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter*, Roma 4. november 1950.

FOR Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 679/2016 av 27. april 2016 om 679/2016/EU vrn av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysninger og om fri utveksling av slike opplysninger samt om oppheving av direktiv 95/46/EF (personvernforordninga), [GDPR].

England and Wales Court of Protection Decisions, Case No: 1353507T (2020) EWCOP 16.

Intervjuguide

Rettleiing til intervju av dommarar og advokatar om bruk av fjernmøte etter utbrotet av covid-19

Start med å fortelje om prosjektet, og kva du skal bruke informasjonen til.

- All informasjon blir anonymisert og del av ei generell framstilling. Dette gjeld også i behandlinga av opplysningane som vert innhenta under intervjuet. Det vert aldri nedfelt saman med namn eller anna som kan identifisere informantane.

Innleiingsspørsmål

1. Har du delteke i digitale rettsmøte etter utbrotet av covid-19?
2. Om lag kor mange, og kva sakstypar?
 - Har du hatt saker med mange aktørar; t.d. fleire partar, vitne, tilhøyrarar eller media? Meddommarar?
 - Kor lange har sakene vore?
3. Vil du fortelje litt om korleis dette har føregått reint praktisk samt korleis du har opplevd desse rettsmøta, steg for steg? Prøv gjerne å trekke fram det du syns er annleis i digitale rettsmøte samanlikna med tradisjonelle, og kva du synes fungerer godt og mindre godt/er positivt/negativt.

Informantane får forklare seg fritt, men forsøk å komme inn på følgande tema:

Praktisk og teknisk

4. Kva digital plattform/møteromsteneste vert brukt, og korleis opplever du den fungerer? Kva funksjonalitet har den?
5. Bruk av funksjonar som venterom, mute, kamera og mikrofon osv.
6. Tekniske problem eller utfordringar/manglar
7. Instruksjonar frå dommaren om tekniske ting som kamera på/av, mute osv.?

8. Opplevd at deltakarar slit med det tekniske? Korleis påverkar dette rettsmøtet?

Stemming, autoritet, formalitet

9. Korleis opplevde du stemminga under rettssaka, samanlikna med i fysiske saker?

- Retten sin / eigen autoritet
- Respekt for retten
- Stemning; meir, mindre eller like formell/uformell som vanleg?
- Andre forskjellar?

10. Opplevde du din eigen eller andre aktørar sin oppførsel under rettsmøtet som annleis enn normalt i rettssalen?

- Tiltalte, partar, advokatar, vitne, publikum mv.

11. Kva har aktørane hatt på seg, har du lagt merke til noko spesielt knytt til antrekk, bakgrunn mv. hos dei andre aktørane?

Aktørar med funksjonsnedsetjing

12. Har du vore dommar i saker med partar eller andre aktørar med funksjonsnedsetjing av noko slag digitalt? (t.d. hørsels- eller synsnedsetjing, skrive og lesevanskar, åtferdsproblem, mentale utfordringar, konsentrasjonsvanskar, alder mv.)

- Korleis opplevde du dette/korleis vart det handtert? Særskilte tilretteleggingar?
- Opplevd aktørar med problem grunna manglande teknisk kompetanse?

Bevisføring, dokumentdeling og teknikk

13. Tankar om bevisføring/bevisvurdering i digitale rettsmøte?

- Kva bevis har du erfart å vurdere virtuelt?
- Korleis opplever du vurderinga av bevis virtuelt vs. Fysisk?
- Delt skjerm for dokumentdeling?

Offentlegheit

14. Var saka open for publikum?

- Korleis vart dette løyst?
- Var det nokon som følgde saka?
- Korleis fungerte dette?

Generelt

15. Kva opplever du er dei viktigaste tinga som er annleis ved digitale rettsmøte vs.

Fysiske?

16. Total oppfatning av tryggleik, rettferd, saka si opplysning mv. i digitale rettsmøte.

17. Kva er positivt ved digitale rettsmøte?

18. Noko du har opplevd som problematisk eller mindre gunstig? Kva er negativt?

19. Noko meir du vil legge til?

Avslutt med å informere om at dei kan ta kontakt om dei ønsker å legge til eller trekke tilbake noko, og at dei kan få lese gjennom teksten før levering om dei ønsker.